

Beitebruksplan for Gol Kommune



*Vedtøken av kommunestyret i
K-sak 26/14
i mte 27. mai 2014*

Føreord

Utarbeidinga av beitebruksplanen for Gol har vore organisert som eit prosessarbeid med brei samansetning. Det har vore eit ynskje frå landbruksnæringa at arbeidsgruppa skal representere flest mogleg av brukarane/interessantar i utmarka. Både grunneigarar og turistnæring har vore invitert til å delta. Faglag i landbruket har hatt ei viktig rolle i prosessen. I tillegg har både politisk og administrativt nivå vore representert. Norsk Landbruksrådgiving Østafjells ved Aslak Botten har vore sekretær i prosessen. Medlemmane i arbeidsgruppa har vore:

- Representant: Per Liahagen, prosjektet ”auke av småfehaldet (40 000 på 4)”
- Representant: Kjell Ola Golberg, Gol sankelag
- Representant: Yngve Skaret, Gol Sau og Geit
- Representant: Magne Øynebråten, Gol Bondelag
- Representant: Vinni Foss, Gol Bonde og småbrukarlag
- Representant: Ola Rygg, Golsfjellet Utmarkslag
- Representant: Knut Espedokken, Gol grunneigarlag
- Representant: Nils Erik Persmoen, rep. for Søråsen
- Representant: Wilhelm Stake, administrativ, Næringsavdelinga
- Representant: Herbjørg D. Bjerke og Bård F. Hagen, Politisk representant, Utval for natur og næring
- Sekretær: Aslak Botten, Norsk Landbruksrådgiving Østafjells

Gol reisemål var og invitert til å delta for å representere reiselivsnæringa i Gol, men kunne ikkje stille.

Arbeidsgruppa vil takke alle personar som har vore involvert i arbeidet med revideringa av beitebruksplanen. Dykkar innspel har vore til stor hjelp for at sluttproduktet skulle bli best mogleg.

Beitebruksplanen er sendt på høyring hjå følgjande instansar:

Gol Bondelag
Gol Bonde- og småbrukarlag
Buskerud Fylkeskommune
Fylkesmannen i Buskerud
Gol Sau og Geit(Gol Sankelag)
Viken skog ved Hallingdal Skogeigarlag
Golsfjellet utmarkslag
Gol Grunneigarlag
Gol Reisemål AS
Lokalt mattilsyn
Støslaga i kommunen
Politiske parti
Statens vegvesen

Arbeidsgruppa håpar at beitebruksbruksplanen sikrar brei politisk og næringsmessig tilslutnad slik at alle krefter i framtida vert nytta til å arbeide til beste for alle som har samkvem med beitedyr eller beitebrukarar i Gol.

Arbeidsgruppa ser det som naturleg at beitebruksplanen vert lagt til grunn ved neste kommuneplanrevisjon og at revisjon av sjølve planen skjer når det politiske organ som har fagansvar (utval for natur og næring) finn det naudsynt.

Gol, den 25.03.2014

Arbeidsgruppa




Figur 1: Foto Aslak Botten

Framsida: Bilete frå Norsk Folkemuseum sitt bilde arkiv, Fotograf Anders Beer Wilse ca. 1920 og Dagfinn Ystad 2013

Innhald

Føreord	2
Samandrag	6
Innleiing	7
Bakgrunn	7
Omfang.....	8
Datagrunnlag	8
Beitebruk i Gol	8
Areal og topografi	8
Geologi.....	8
Klima.....	9
Arealfordeling	9
Beitebrukens omfang og historie.....	10
Verdsetting av beite.....	12
Fôropptak i utmark.....	12
Fôropptak på beite i 1999 og 2008	13
Verdien for bonden	13
Ullproduksjon	13
Kjøttproduksjon	14
Verdien for reiselivet og kommunen	15
Forming av kulturlandskapet – biologisk mangfald.....	16
Kulturhistorisk innverknad på biologisk mangfald.....	17
Skiheisar og skiløyper til beite.....	17
Tiltak	18
Organisert beitebruk - Gol Beitelag	19
Område 1: Tunnetjern, Skrøyvestølane, Nørelie, Vermelie, Lauvset, Auenhauglie, Lauvsjøen, Hjartingstølane.....	19
Område 2: Hovda (Nord Aurdal kommune)	19
Område 3: Grønliåsen	20
Område 4: Skaraåsen.....	20
Område 5: Guriset, Rekkjeset, Skutuset, Kamben, Einarset.....	20
Område 6: Andsjøen, Raudalen, Høvreslia.....	20
Område 7: Holtelia, Frøysokstølane, Hoftunsameiga	20
Område 8: Møen, Brenn, Svilestølane	20
Tap av husdyr på utmarksbeite.....	21
Problemstillingar og utfordringar med gjerdeplikt og beiterett	23
Praktiske problem ved utbygging.....	23
Formelt problem ved utbygging	23
Vanlege årsaker til tvist.....	23
Gjennomgang av rettspraksis og eksempeltfelle.....	24
Aktuelle lover som regulerer beiterett og gjerdeplikt	24
Gjerdehald	24
Korleis unngå/reduere/løyse konfliktar med gjerdehald.....	25
Sperregjerde	26
Gjerdelova	27
Gjerderett.....	27

Gjerdeplikt.....	27
Gjerdeplikt for nytt gjerde	27
Gjerdeplikt (eller vedlikehaldsplikt) eksisterande gjerde	27
Gjerdehald i tilknytning til hytter i utmark	28
Beitelova	29
Vakteplikt	29
Kva er beiterett	29
Ulike grunnlag for beiterett.....	30
Streifbeiting	30
Beitedyr og gjerding- Unngå konflikt og tvist	31
Tiltak	32
Rovvilt	33
Rovvilt i Gol.....	33
Jakt på rovvilt.....	34
Førebyggande tiltak mot rovviltskader	35
Organisering av rovviltjakt.....	35
Tiltak	36
Attgroing – tap av biologisk mangfald	36
Tiltak	38
Andre næringsinteresser.....	39
Tiltak	39
Friluftsiinteresser	40
Friluftsliv og gjerdehald.....	41
Tiltak	41
Tiltaksdel.....	42
Litteraturliste.....	46
Vedlegg – Kart og statistikk	46



Figur 2: Foto Live Cecilie Grindaker

Samandrag

Beitebruksplanen med tilleggsmateriell ligg tilgjengeleg på Gol kommune sine nettsider.
www.gol.kommune.no/

Formål med beitebruksplan

Beitebruksplan skal beskrive beitenæringa sine areal og driftsmessige behov og vere eit godt styringsverktøy blant anna i plansamanheng. Hovudmåla i beitebruksplanen til Gol kommune kan oppsummerast slik:

- Dokumentere verdien av utmarksbeitinga i dag.
- Synleggjere verdiane som utmarka representerer.
- Synleggjere felles interesser og konflikhtar i utmarka.
- Foreslå tiltak som styrkar beitebruken og reduserer konfliktane.
- Synleggjere behovet for å ta vare på beiteressursane i framtida.

Hovudutfordringar for Gol i høve til beitebruk

I Gol er det generelt lågt beitetrykk i dei ulike beiteområda i høve til produksjonsevna. Det er mange ulike interesser knytt til bruk av utmarksområda i kommunen. Hovudutfordringane for Gol i høve til beitebruk ligg mykje i å skape gode planprosessar. Det vil vere avgjerande på eit tidlegare stadium å ta i bruk eksisterande kartlegging og planverk i praktisk planarbeid. For eksempel rapportane ”*Vegetasjon og beite på Golsfjellet, NIJOS-rapport 3/01*” og ”*Golsfjellet, landskapsanalyse med forslag til tiltak for landskapspleie og områdeutvikling, av Aurland naturverkstad Ba ved Morten Clemetsen*”. Dette er svært nyttig og viktig bakgrunnsmateriale for planarbeid i høve til landskapspleie, områdeutvikling landbruk og anna næring i Gol. Tilsvarande rapportar bør utarbeidast også for dei andre beiteområda i Gol.

Beitebrukarar og anna næring må bruke og lage konkrete, målretta og heilskaplege tiltak retta mot landbruksnæringa, beitebrukarane og andre interessentar i beiteområda. Minst like viktig i beiteområda er det å lage gode tiltak som også er retta mot tilbydarar som ønskjer eit lokalt særpreg med eit produkt som krev eit opplevingselement i seg. Det er og viktig å få ei felles forståing mellom ulike næringar av verdien og nytten av beiting og beitedyr for å skape eit variert naturmiljø og velstelt kulturlandskap som også har stor verdi for andre enn beitebrukaren.

Viktigaste tiltak

For utvikling av Gol kommune og beitenæringa vil dei viktigaste tiltaka i beitebruksplanen vere:

- Bruke beitekartlegginga for Golsfjellet(NIJOS rapport 3/01) aktivt.
- Gjennomføre uavhengig vegetasjons- og beitekartlegging av dei viktigaste beiteområda på: Golsfjellet aust for Fv 51, Nystølfjellet, Søråsen og Skaraåsen, fortrinnsvis av Skog og landskap.
- Innarbeide i reguleringsplanane for hytteområda krav og ansvarsfordeling samt godkjenningsmyndigheit i høve til oppsett, vedlikehald og riving av gjerde.
- Utarbeide heilskapleg felles gjerderettleiar for Gol. Her bør det vere med retningslinjer og vedtekter samt anbefalt oppsett og vedlikehald av gjerdet for fritidseigedommar, hus og hytter. Må gjelde både for nye og eldre bygg. Få denne distribuert.

Innleiing

Beitebruken i kommunen er i stadig endring. Situasjonen i dag er prega av stadig nye truslar; aukande rovviltbestand, auka press på utmarka gjennom auka turisttrafikk og reiselivsutbygging, attgroing av områder som tidlegare vart beita osb. Det er viktig med brei tilslutning ved planlegging og tilrettelegging av beitebruken for å nytte ressursane som landbruksnæringa disponerer i utmarksområda på ein best mogleg måte også i framtida.

Bruken av beiter vil i framtida bli viktigare både marknadsmessig overfor forbrukarane og for å tilfredstille haldforskrifter om oppstalling og stell av dyr. Storfe med unntak av ukastrerte hanndyr eldre enn seks månader, skal sikrast moglegheit for fri bevegelse og mosjon på beite i minimum åtte veker i sommarhalvåret. For storfe i lausdriftsjøs trådte dette i kraft frå 1. januar 2014 (jf. forskrift om hald av storfe av 22. april 2004, nr 665).

For å sikre næringsgrunnlaget i husdyrproduksjonen er det naudsynt å bruke både innmarks- og utmarksbeita. Beiteområda i Gol er så store at dei samla sett ikkje utgjer nokon minimumsfaktor, dei kan derimot vere ein minimumsfaktor for den einskilde bonde. Mangel på vårbeite på gardsnivå gjer seg særleg gjeldande i sauehaldet. Det er heilt avgjerande for mange husdyrbrukarar at dei framleis kan nytte utmarksbeita.

Bakgrunn

I 2003 vart det utarbeida "Handlingsplan for landbruket i Gol". I 2009 vart planen revidert og vedteken på nytt av kommunestyret i k-sak 50/10. Eit av tiltaka i Handlingsplan for landbruket i Gol var å utarbeide beitebruksplan for kommunen.

Utval for natur og næring (UNN) vedtok dermed i sak 78/09 å utarbeide beitebruksplan for Gol kommune. Kommunestyret gjorde i sak 55/10 vedtak om endring i finansiering av arbeidet med planen. Beitebruksplan skal beskrive beitenæringa sine areal og driftsmessige behov.

Hovudmåla i beitebruksplanen til Gol kommune kan oppsummerast slik:

- Dokumentere verdien av utmarksbeitinga i dag.
- Synleggjere verdiane som utmarka representerer.
- Synleggjere felles interesser og konflikhtar i utmarka.
- Foreslå tiltak som styrkar beitebruken og reduserer konfliktane.
- Synleggjere behovet for å ta vare på beiteressursane i framtida.

Landbruksnæringa med dei lokale faglaga i ryggen ønskjer beitebruksplanen vedteken i kommunestyret som ein sektorplan som del av kommunedelplan i Gol kommune. Erfaringar frå andre kommunar som har ein beitebruksplan er at dette er eit svært nyttig styringsreiskap.

Beitebruksplan for Gol blir ein sektorplan. Den har dermed ikkje rettskraft som planar etter plan- og bygningslova. Beitebruksplan vil legge grunnlag og premisser for kommunen si andre planlegging. Dermed kan ein føresjå arealkonfliktar tidlig i planarbeidet, i staden for å foreta einskildvurderinga etter kvart som konfliktane oppstår. Beitebruksplanen vil vere eit nyttig reiskap i kommunen sitt planarbeid og i forbindelse med andre politiske avgjerder som rører ved utmarksområda og bruken av ressursane her.

Omfang

Beitebruken i Gol omfattar heile kommunen og er inndelt i åtte område inkludert Hovda i Nord Aurdal kommune, der fleire bønder i Gol har beitedyr. Beitedyr tilhøyrande dei ulike beiteområda beveger seg i meir eller mindre grad over grensene for egne beiteområde, til nabobeiteområde og nabokommunar i Valdres, Ål og Hemsedal. Beitedyr frå nabokommunar og nabobeiteområde vil på tilsvarande måte også bevege seg over til dei ulike beiteområda i Gol.

Datagrunnlag

”Vegetasjon og beite på Golsfjellet, NIJOS-rapport 3/01” som omfattar ei vegetasjonskartlegging. Og ”Golsfjellet, landskapsanalyse med forslag til tiltak for landskapspleie og områdeutvikling, av Aurland naturverkstad Ba ved Morten Clemetsen” er svært viktig bakgrunnsmateriale for beitebruksplanen i Gol kommune. Desse rapportane synleggjer beitekvalitetane og aktuelle tiltak i kommunen med området på Golsfjellet. Rapportane bør sjåast i samanheng med beitebruksplan for kommunen. Dei andre beiteområda har ikkje same kartlegging. Rapportane er å finne digitalt på Gol kommune sine heimesider eller i papirutgåve på landbrukskontoret og hjå Norsk Landbruksrådgiving Østafjells på Gol. Frå og med vinteren 2014 er kartgrunnlaget for desse rapportane lagt inn i kommunen sitt kartverk. Dei viktigaste tema ligg som vedlegg til beitebruksplanen.

Beitebruk i Gol

Areal og topografi

Gol kommune har eit samla areal på 530,51 km² som er fordelt slik:

Tabell 1. Arealfordeling i Gol kommune

Jordbruksareal:	25 095 daa	4,7 %
Skogareal:	371 704 daa	70,1 %
Ferskvatn:	15 380 daa	2,9 %
Landareal elles:	118 331 daa	22,3 %

Kjelde: Jordbruksareal: Jordregister for Gol 2014 frå Skog og landskap. Skogareal: Områdetakst i Gol 2009

Tabell 2 Fordeling av areal ut frå høgde over havet

150-300 moh:	19 km ²	3,6 %
300-600 moh:	59 km ²	11,1 %
600-900 moh:	239 km ²	45,1 %
900-1200 moh:	207 km ²	39,0 %
Over 1200 moh:	6,5 km ²	1,2 %

Dei viktigaste beiteområda ligg oftast mellom 700-1100 moh.

Geologi

Berggrunnen i Gol består for ein stor del av prekambriske grunnfjellsbergartar som gneis og kvartsitt. På store deler av Skaraåsen og Golsfjellet, og på enkelte parti av Søråsen ligg den yngre bergarten fyllitt frå kambrosilurisk tid. På grunn av fyllittens kalkinnhald dannast næringsrikt jordsmonn ved forvitring.

Overflateformene er for ein stor del forma av isen. Som eit høgareliggende område, langt over den marine grensa, består jordsmonnet for ein stor del av grovt morenemateriale. Store myrområde har gjeve grunnlag for god matjord. I dalbotnen er jordsmonnet til ein viss grad prega av elveavsett sand.

Klima

Gol har eit typisk innlandsklima med varme somrar og kalde vintrar. Med ein årsnedbør på 550 mm er Gol eit nedbørfattig område. Om lag 250 mm fell i vekstmånadene mai - august. Nedbøren er minst om våren. Middelterperaturen i året er + 2,2° C, og middelterperaturen for vekstmånadene mai - august er + 10° C. Planteveksten er svært liten ved temperaturar under 6° C.

Arealfordeling

NIJOS utarbeidde i 2001 ei vegetasjon- og beitekartlegging av 105 km² på Golsfjellet. Dei andre beiteområda Skaraåsen, Søråsen, Golsfjellet aust for Fv 51, Brenn, Nystølfjellet og Sudnlii er ikkje vegetasjonskartlagt og beitekvaliteten er ikkje dokumentert. Vedlagte kart gjev ein god beskriving av situasjonen for Gol i 2013 når planen er utarbeidd. På karta er områda med størst beitetrykk skravert. Alt utmarksareal også utanom skraverter område er potensielt beite. Det er berre Golsfjellet som er vegetasjonskartlagt. Sjå kartblad vedlegg 3-6.

Arealfordelinga på Golsfjellet i ulike vegetasjons- og arealtypar i kartleggingsområde er slik:

Tabell 3 Areal på Golsfjellet fordelt på vegetasjonstype

Inndeling/vegetasjonstype	Dekar	% av totalareal	% av beitearealet
Mindre godt beite (Lavhei, Lav og lyngrik Bjørkeskog)	8 791	8,4	11,3
Godt beite (Rishei ol)	52 527	49,9	67,3
Svært godt beite (Høgstaudeeng, ol)	16 705	15,9	21,4
Sum beiteareal	78 023	74,2	100
Totalareal Golsfjellet	105 256	100	

Kjelde: NIJOS-rapport 3/01, Vegetasjon og beite på Golsfjellet

Jordbruksarealet og utmarksbeita fordeler seg slik:

Tabell 4 Fordeling av jordbruksareal og utmarksbeite

Fulldyrka jord til slått og beite	15 325 daa
Overflate dyrka jord til slått og beite	786 daa
Innmarksbeite	8 984 daa
Sum innmark	25 095 daa
Utmarksbeite Golsfjellet(kjelde NIJOS-rapport 3/01)	78 023 daa
*Utmarksbeite Golsfjellet, aust for Fv 51	6 779 daa
*Utmarksbeite Skaraåsen	17 864 daa
*Utmarksbeite Søråsen	76 849 daa
Sum utmarksbeiter	179 515 daa

Kjelde: Jordregister for Gol 2014 frå Skog og landskap, NIJOS-rapport 3/01, *Utmarksbeite på Golsfjellet aust for Fv 51, Skaraåsen og Søråsen er skraverter areal på beitekart.

Ved utrekning av areal for utmarksbeita er brutto totalarealet for området rekna ut. Det er deretter trekt ut fulldyrka areal, vegar, byggeområder som er registrert i kommuneplan slik at ein får ”netto” utmarksbeite. Det er viktig å merke seg at utbyggingsområda i kommuneplan ofte er lagt til dei beste beiteområda for husdyra våre (sjå kart over beitekvalitet), noko som ofte skapar konflikhtar.

Nær halvparten av den fulldyrka jorda ligg i fjellet.

Beitebruken i kommunen omfattar både fjellbeite og skogsbeite. Fjellbeite er beitevidder som i hovudsak ligg over barskogsgrensa. Bjørkebeltet blir også regna som fjellbeite.

Vegetasjonen på fjellbeitet og skogsbeitet varierer. Skog og landskap (Norsk Institutt for Jord- og skogkartlegging) har utarbeida vegetasjonsskart for delar av utmarksareala i Gol kommune. Dette gjeld Golsfjellet vest for Fv 51. Karta gjev ein detaljert omtale av vegetasjonen i områda. Frå vegetasjonsskartlegginga er det laga temakart som viser moglege konfliktområder mellom beitebrukarar og andre interessentar, samt beitekvalitet for dei ulike dyreslaga som storfe og småfe. Det er og mogleg å lage temakart for viltartar, og for eksempel slitestyrke på vegetasjonen. Desse karta er nyttig reiskap når ein skal vurdere konsekvensar for beitebruken gjennom utbygging og ny eller utvida aktivitet i utmarksområda.

Skog og landskap har også utarbeida informasjonssystem for beitebruk i utmark (IBU). IBU er ei kopling mellom dei opplysningar som vert innmeldt i samband med organisert beitebruk, kartgrunnlag, rovviltstatistikk m.m. IBU er tilgjengelig på: www.skogoglandskap.no. IBU gjev eit godt bilete av gjennomsnittstilhøva i Gol men eit dårleg bilete av situasjonen i dei ulike beiteområda. Gol har åtte beiteområde med store lokale variasjonar.

Beitebrukens omfang og historie

I Gol er det i dag eitt sankelag. Sankelaget er delt opp i åtte mindre sankeområde:


- Område 1: Tunnetjern, Skrøyvestølane, Nørelie, Vermelie, Lauvset, Auenhauglie, Lauvsjøen, Hjartingstølane
- Område 2: Hovda (Nord Aurdal)
- Område 3: Grønliåsen
- Område 4: Skaraåsen
- Område 5: Guriset, Rekkjeset, Skutuset, Kamben, Einarset
- Område 6: Andsjøen, Raudalen, Høvreslia
- Område 7: Holtelia, Frøysokstølane, Hoftunsameiga
- Område 8: Møen, Brenn, Svilestølane

I tillegg til den beitebruken som gjetarlagar står for, vert det frå enkeltbruk sleppt storfe, geit og sporadisk hest på utmarksbeite.

Utnyttinga av utmarksbeite til husdyr har variert i takt med endringar i husdyrhaldet sine rammeføresetnader. Talet på husdyr var på sitt høgste siste halvdel av 1800-tallet.

Frå slutten av 1800-tallet skjedde det ei rask utvikling i avlsarbeidet innan storfehaldet. Store rovviltbestand gjorde at det var naudsynt med gjeting. Tap av spesielt småfe var høgt, og talet på dyr gjekk ned. Etterkvart gjekk rovviltbestanden attende på grunn av intensiv jakt, for nærast å bli utrydda tidleg på 1900-talet. I løpet av 1900-talet har talet på sau på utmarksbeite auka gradvis. Storfe og geit har ikkje hatt same utvikling. Etter krigen har utviklinga også gått i retning av at storfe i stadig større grad går på innmarksbeite.

Tabell 5 Utviklinga av husdyrhaldet i Norge 1830-1995.



Kjelde: Erling Skurdal, 1997, *Beiting i utmark*.

Tabell 6 Historisk utvikling av husdyrhaldet i Gol

År	Hest	Mjølkekyr	Andre storfe	Sau over 1 år	Sau i alt	Bruk med mjølkeku	Bruk med sau
1939	287	2672 ¹⁾		2672	4776		
1949	283	1658	814	2472	4307		
1959	198	1024	539	2582	4804	290	94
1969	90	675	703	3809	6716		
1979	60	859	985	1760	4830		
1989	37	751	1008	2696	4718	76	80
1999	55	750	1188	2745	7200	63	63
2009	29	719	1122	1903	5677	37	33
2011	28	736	1252	1701	4994	34 ²⁾	31
2013	38	761	1249	1641	4833	33 ²⁾	27

Kjelde: 1939-89: *Jordbruksteljingane*. 1999-2013: *Statens landbruksforvaltning, søknad om produksjonstilskot*

1) inkl. ungdyr

2) samdrifter er rekna som eit bruk. I 2011 og 2013 var det 11 mjølkekvoter fordelt på 3 samdrifter

Tabell 7 Tal dyr på utmarksbeite i Gol for ei 24 års periode

Dyreslag:	1989ssb	2000	2005	2010	2011	2012	2013
Mjølkekyr / Ammekyr	1247	407	413	332	399	424	420
Anna storfe		512	629	399	389	463	531
Sau og lam	6731	6777	5846	4709	4536*	4354*	4470*
Geit	-	-	474	421	382	380	386
Hest	25	16	10	6	4	8	10

Kjelde: *Jordbruksteljingane og Statens landbruksforvaltning, søknad om produksjonstilskot*

* Noko av sauen beitar i andre kommunar.

Tabellen 8 viser tal *søkjarar* på tilskot til utmarksbeite for dei einsskilde dyreslag.

Tabell 8 Tal *søkjarar* på tilskot fordelt på dyreslag

Dyreslag:	2000	2005	2010	2011	2012	2013
Mjølkekyr/Ammekyr	37	34	24	23	25	24
Anna storfe	41	45	28	23	27	28
Sau og lam	61	37	29	28	26	25
Geit	0	6	3	2	2	2
Hest	9	5	4	3	6	6

Kjelde: Statens landbruksforvaltning, søknad om produksjonstilskot pr. 31.07, tilskot til dyr på utmarksbeite, minst åtte veker.

Tabell 7 viser at talet på mjølkekyr, ammekyr og anna storfe på utmarksbeite gjekk noko ned rundt 2010 men har auka dei siste åra. Sau og lam i utmarksbeite har vorte redusert med om lag 30 % siste 10 år. Ser ein på tal *søkjarar* til tilskot til utmarksbeite (tabell 8) er det ein merkbar reduksjon på tal føretak som *søkjer* om utmarksbeitetilskot. Her må ein ta i betraktning at det dei siste åra er etablert nokre samdrifter i mjølkeproduksjon og at noko av nedgangen i talet på enkelt*søkjarar* skuldast dette.

Verdsetting av beite

Ved utrekning av verdien av utmarksbeite kan ein sjå på fôropptak, ull og kjøtproduksjon. I tillegg er ringverknadane til storsamfunnet, reiselivsbedrifter, hytteeigarar, turistar o.l. gjennom eit «opent kulturlandskap» viktig.

Fôropptak i utmark

Ved berekning av fôropptak i utmark er det lagt til grunn følgjande fôropptak for dei einsskilde dyreslag, sjå tabell 9:

Tabell 9 Fôropptak pr. dag

Dyreslag	Fôropptak pr. dag
Sau og lam	1,0 fe.
Geit og kje	1,0 fe.
Ammeku/mjølkeku	6,0 fe
Ungdyr av storfe	4,0 fe.
Hest	5,0 fe.

Kjelde: Erling Skurdal, 1997: Beiting i utmark

Tabell 10 syner fôropptak på utmarksbeite for dei ulike husdyrslaga. For 2008 ved ein fôreiningspris på kr 3,- utgjer dette ein verdi av fôropptaket på utmarksbeite på omlag 2,25 millionar kroner. Rekna frå ei normalavling på 300 fôreiningar per dekar fulldyrka mark tilsvarar dette avlingar på 2500 daa. Justert i høve til konsumprisindeksen dei siste 5 år (2012) vert verdien av utmarksbeita i 2012 om lag 2,6 millionar kroner.

Urbanus (25. mai) skulde kyrne greie seg sjølve ute.

(Hermundstad 1944)

Fôropptak på beite i 1999 og 2008

Tabell 10 Fôropptak på beite

Dyreslag/år	Beite dagar	Fôropptak (fem*)/dag	Tal dyr		Totalt fôr-opptak (fem)		Verdi i kroner	
			1999	2008	1999	2008	1999	2008
År								
Mjølkekyr	60	5	410	348	123 000	104 400	369 000	313 200
Ungdyr	80	5	548	421	219 200	168 400	657 600	505 200
Sau	95	1	6 306	5010	599 070	475 950	1 797 210	1 427 850
Hestar over 1 år	80	5	23	7	9 200	2800	27 600	8 400
Sum					950 470	751 550	2 851 410	2 254 650

I følge opplysningar gjeve i høve til søknad om tilskot til organisert beitebruk er talet beitedagar i gjennomsnitt ca. 92 dagar. Ikkje all beitebruk vert fanga opp av denne tilskotsordninga og tala vert derfor noko usikre.

Verdien for bonden

Med utgangspunkt i 92 beitedagar gjev dette eit fôropptak i beitesesongen 2008 på ca. 751.550 foreiningar. Prissett til 3 kr pr. fôreining, gjev dette ein verdi på 2,25 mill. kr. For å dyrke tilsvarande fôrmengde med grovfôr krev det omlag 2500 daa fulldyrka jord. (Det er då teke utgangspunkt i 300 fe. pr. daa grovfôrproduksjon på fulldyrka jord, jf. NILF, driftsgranskingar, Austlandet sine andre bygder.)

Til samanlikning er det i Gol kommune i dag totalt 15 325 daa fulldyrka jord og 9 770 daa anna jordbruksareal.

Tidlegare vart det også hausta vinterfôr i utmark. Dette opphørte tidlig på 1900-tallet. Storleik på areal og kor store fôrmengder det var snakk om er noko usikkert.

Ullproduksjon

Det vert i Gol produsert om lag 10 tonn ull i året, til ein fyrstehands verdi på om lag 310 000 kr. Gjennomsnittsprisen i Gol er om lag 31 kr pr. kg ull. Ullprisen varierer avhengig av kvaliteten på ulla.

Tabell 11: Mengde og verdi på ullproduksjon i Gol inkl. tilskot

Årstal	Kg ull pr. år	Kr/kg	Beløp
2006	7.079	33,29*	235.670
2007	12.385	33,29	412.296
2008	10.882	32,25	350.981
2009	10.954	27,02	295.939
2010	9.675	28,49	275.674
2011	9.662	32,01	309.320
2012	8.473	33,50	283.918
2013	8.129	33,76	274.454

* Estimert pris

Kjøttproduksjon

Frå 2006-2011 vart det i Gol produsert i gjennomsnitt 55,3 tonn lammekjøtt pr. år. Mesteparten av denne produksjonen skjer gjennom beitebruk. Fyrstehandsverdi av alt lammekjøtt levert til slakt for Gol 2006-2011 er ca. 2 mill. kr eller om lag 72 000 kr pr. sauebruk (rekna med utgangspunkt i snittpris frå slakteri inkl. tillegg). Storfekjøtt er vanskelegare å talfeste fordi kjøttproduksjon skjer heile året også utanom beitesesong. Det er usikkert kor stor del av storfekjøttproduksjon som kan godtgerast beite.

Tabell 12 Pris på lam- og sauekjøtt

Årstal	Tal lam	Snitt vekt(Kg)	Tal kg	Gj. snitt pris pr kg	Pr skrott	Total beløp
2006	3172	18,9	59.923	30,73	581	1.841.434
2007	3001	19,4	58.189	34,22	664	1.991.228
2008	2849	19,1	54.479	38,58	738	2.101.799
2009	2899	19,3	55.831	38,27	737	2.136.652
2010	2461	19,7	48.510	39,93	787	1.937.004
2011	2271	18,4	41.786	41,29	760	1.725.360
2012	2212	19,4	42.913	42,60	826	1.828.085
2013	2181	19,3	42.093	46,42	896	1.953.771

Tabell 12 viser pris på lam og sau utan distriktstilskot og andre tilskot/tillegg

Tabell 13 Pris på storfekjøtt

	Tal	Snitt vekt (Kg)	Tal kg	Gj. Snitt pris pr. kg	Pr skrott	Total beløp	Verdien av beite
2005	375	259,2	97.200	22,77	5.902	2.213.244	221.324
2006	379	252,5	95.698	27,58	6.964	2.639.337	263.934
2007	369	265,4	97.933	29,36	7.792	2.875.301	287.530
2008	368	262,8	96.710	31,64	8.315	3.059.917	305.991
2009	330	272,7	89.991	34,11	9.302	3.069.593	306.959
2010	326	280,8	91.541	33,76	9.480	3.090.417	309.041
2011	359	272,6	97.863	35,06	9.557	3.431.091	343.109
2012	320	275,6	88.192	35,80	11.456	3.665.920	366.592
2013	365	275,5	100.56	38,66	14.111	5.150.332	515.033

Tabell 13 viser alle kyr, kastrat og kviger. Oksar og kalv er halde utanom. Ein kan anslå at om lag 10 % av kjøttet vert produsert pga. innmarks- eller utmarksbeite

Verdien av beite for storfe er rekna ut slik:

Total beløp kjøtt/12 mnd. x 2 mnd. beitesesong x 60 % av fôropptak frå beite

Utrekningane i tabell 11 og 12 gjev eit bilete av den verdi utnytting av beite har for landbruksnæringa i Gol kommune. I tillegg kjem sysselsetting innan landbruksrelatert næring, utstyrsleverandørar m. fl. Utan utnytting av utmarksressursane ville husdyrproduksjon måtte reduseras vesentleg. Sysselsettinga i landbruket ville vore lågare.


Verdien for reiselivet og kommunen

Reiselivsnæringa i Norge omsett for over 100 milliardar kr i året og utgjer over fem prosent av all produksjon i fastlands-Norge. Kva vil skje om Norge gror att? Turistane sine favorittvegstrekingar står i fare for å bli grønne tunnelar i skogen. Kulturminne og biologisk mangfald – som utgjer ein viktig bit av det norske kulturlandskapet vert forringa.

Problemstillinga med attgroing i Gol føregår i høgdelaget 900-1200 moh. Dette er områder der det tidlegare var snaufjell, og skogen er i ferd med å etablere seg. For reiselivsnæring i Gol er området av dei mest viktige for at turistane skal få ei god oppleving av å vere i fjellet. Å halde landskapet opent utan beitedyr er i praksis urealistisk. Jernbaneverket ved hjelp av Norsk institutt for skogforskning (NISK) viser at motormanuell rydding langs fem strekningar hadde blitt gjennomført med en gjennomsnittlig pris per daa på 1352 kr (2006 kr).

Kostnadane til ekstra sikring o.l. i forbindelse med jernbanen er då trekt i frå. Prisane varierte frå 880 kr/daa til 3234 kr/daa (T. Brynslund pers. oppl. 2006). Rekna til 2011 verdi vil prisen pr. daa i dag vere omlag 1499 kr/daa. Dette må truleg utførast kvart 5-10 år avhengig av beitetrykket.

Eit tenkt eksempel frå Kamben:



For eit område rundt Kamben stølslag, på omlag 71 000 daa (fig. 3), som for eksempel blir rydda kvart 20. år, vil det koste omlag 5,1 mill. kr kvart år viss ein skal nytte motormanuell rydding dersom beitedyra forsvinn.

Overflatedyrka areal, fulldyrka areal, vegareal og områder avsett til bygging i kommuneplan er trekt i frå arealet det er behov for å rydde (sjå kartutsnitt figur 3). Dette vil då indirekte vere verdien av beitedyr for reiselivsnæringa i Gol.

Figur 3: Merka område viser Storefjelltoppen, ned heisen, bilvegen til krysset ved Rekkjeset, opp til Ørterstølen, og over til Storefjelltoppen. Arealet vert i dag lite beita.

Bedriftseigarar i reiselivsnæringa seier at auka attgroing i distrikta vil redusere tilgjenge til landskapet, påverke estetikk og variasjon i landskapet, samt redusere turistane sine opplevingar, noko som på sikt vil føre til lågare interesse for Norge som reisemål. I forskingsprosjektet Cultour har Anders Bryn hjå Skog og landskap, og Bjørn Egil Flø i Bygdeforskning undersøkt kor omfattande attgroinga er og korleis auka attgroing påverkar turistane sine landskapsopplevingar. Både norske og utanlandske turistar seier at eit variert og levande kulturlandskap styrker reiselivsopplevinga. Resultata syner at dersom attgroinga fortsett som før, vil nærare 45 000 nye km² utmark gro att med skog. Delar av denne skogen vil hindre utsikta frå blant anna vegar og hotell, samstundes som den reduserer landskapet sin variasjon og avgrensar opplevinga av det autentiske kulturlandskapet i Norge. Intervju med turistar i ulike deler av landet sommaren 2009 viste at omfattande attgroing med skog ville redusere deira oppleving av det rurale Norge.

Nokon av områda som vert hardest ramma av attgroing og redusert sikt er blant dei mest populære turistbusstrekningane, som for eksempel fjellovergangane i Sør-Norge. På fjellovergangen over Dovre viser simuleringar at meir enn 30 % av vegstrekninga vil gro att med skog. Det same gjeld høgfjellshotell og hytter i Sør-Norge. Ein kan sjå for seg at det same gjeld for Gol der fjellplataet ligg i skjeringa mellom skog og snaufjell. I Oppland er det vist at over halvparten av alle hotella og over 8 000 hytter får auka skogvekst i sine nære omgjevnader.

Reiselivsnæringa må tilby opplevingar som gjev minner for livet. Å møte kalvar, sau, geit og andre beitedyr er i seg sjølv ein attraksjon for mange turistar, norske som utanlandske. Husdyr som beitar fører til matproduksjon og hindrar at Norge gror att. Lokal matproduksjon i levande bygder er viktig for norsk identitet og matkultur. Lokal mat i levande bygder styrkjer den norske reiselivsopplevinga ytterlegare. Det føregår ei tydelig satsing på småskala reiseliv. Dette reiselivet er avhengig av ein auka innsats på landskapskjøtsel, fyrst og fremst gjennom utmarksbeiting, for å hindre at attgroinga stel turisten si utsikt.

Forming av kulturlandskapet – biologisk mangfald



Figur 4: Foto Live Cecilie Grindaker

Beitebruken har gjennom tida bidrege til å skape og oppretthalde eit særprega kulturlandskap i utmarka og i stølsområda. Beitedyra har halde vegetasjonen nede og skapt opne landskap med nyttbare urter og grasartar. I stølsområda var det i tillegg til beiting også mykje vedhogst. Det var tidlegare vanleg å vidareforedle landbruksprodukt på stølane t.d. ysting og då var det bruk for store mengder ved.

Dei ulike husdyrartane beitar på ulike måter. Dei føretrekk ulike type fôr, grasartar, lauv etc. og formar landskapet på ulike måter. Område med sambeite vil også ha eit eige

særpreg. Beiting med to eller fleire dyreslag gjev betre utnytting av et beiteområde, då dei fleste dyreslag vil ha meir eller mindre ulikt val av beiteplanter og beitestad.

Biologisk mangfald er knytt til artsmangfald og produktivitet i vegetasjonen. Beitebruk over lang tid skapar ein artsrik vegetasjon. Dette er tydeleg dokumentert bla i <http://folk.uio.no/atlemy/sauindeks.htm> som er ein rapport som har sett på samanhengar mellom beite på utmark med sau og innverknad på økologien i alpine områder. Rapporten viser bl.a. at vegetasjonen ikkje er stabil i seg sjølv, og med redusert beitebruk vil landskapet gå attende til det opphavlege. Dette er synlig i dag i stølsområda og i fjellområda. Busker, kratt og skog tar over i dei områda der beitetrykket reduserast, og potensialet for bl.a. småviltjakt vert redusert.

Småfebeite i skog etter hogst er gunstig med tanke på å halde grasvegetasjonen nede for å få opp att ny skog.

Kulturhistorisk innverknad på biologisk mangfald

Ein reknar med at det i si tid var 291 stølseigedommar i drift i Gol. Av desse var om lag 230 langstølar. I 1992 var det 55 stølar med mjølkeproduksjon. Den tradisjonelle stølsdrifta har gått sterkt attende og i 2013 var det 21 gardsbruk med mjølkelevering frå stølane i Gol.

I kommunedelplan for Golsfjellet står det at *«Golsfjellet skal framstå som eit nasjonalt anerkjent og aktivt reiselivsområde. Der reiseliv og landbruk vert utvikla som ei heilheit, tufta på langsiktig og bærekraftig forvaltning av fjellet sitt miljø og ressursgrunnlag.»* Det står også at *«Utviklinga skal skje i eit langsiktig perspektiv, Golsfjellet sine kvalitetar som rekreasjon og landbruksområde(særleg stølsaktivitetar), skal sikkrast gjennom gode og heilheitlege areal og planløysingar i all vidare utvikling»*

Skiheisar og skiløyper til beite

Områder som vert brukt til skiheisar og skiløyper bør få ei betre utnytting til bl.a. beite sommarstid. Dette er store områder som er ferdig rydda for brisk, vier og skog. Skiheisen/skiløypa vil og få ein positiv miljøfaktor og redusere behovet for krattknusing og pussing om hausten. Skiløypene og skiheisen vil også framstå som meir miljøvennleg med mindre sår i landskapet sommarstid. Ofte er det i ein del av skiheisområda satt opp snøgjerde. Desse kan også nyttast som gjerder i beitesesongen. Området kan ev. brukast til å sperre inne beitedyr som ikkje står for vanleg gjerde.

Vaktarfe:

Vaktarfe var ei vanleg ordning før i tida.

«Vaktarfe» er fe gardbrukaren tek i mot i sommarhalvåret og passar på i sitt eget beiteområde dersom han har beiterett og rom for meir beite enn det som krevst for eigne dyr.

Betalinga for jobben med å «vakte feet» var ofte ei deling av den osten og smøret som vart produsert av ”vaktarfeet” med bonden som eigde ”vaktarfeet”.

Bonden (som vakta feet) hadde ofte lite vinterfôr og store beiteressursar, og greidde på denne måten å auke mengda salbar vare (ost og smør) enn det han hadde vinterfôr til. Den som eigde vaktarfeet greidde å produsere meir ost, smør og kjøt enn det han hadde sommarbeite til. På denne måten vart ressursane optimert.

Tiltak: Beitebruk i Gol

- ✓ Gjere Beitebruksplanen saman med handlingsplanen for landbruket i Gol godt kjent for landbruksnæringa, men og innbyggjarane, grunneigarane, politikarane, forvaltning, faglag, hytteeigarar ev andre. Faglag og forvaltning bør delta på møter o.l. og informere og vise fram ”verktøyet” og nytten av dette.
- ✓ Vegetasjonskartlegge dei beiteområda (sjå kartvedlegg over beiteområde i Gol som nyttast pr. 2013) som ikkje er vegetasjonskartlagt. Dei mest brukte beiteareala og areal som ein trur er god beitemark bør prioriterast fyrst.
- ✓ Bruke vegetasjonskartlegginga for Golsfjellet og landskapsanalysen som allereie finst, aktivt i forvaltninga.
- ✓ Stimulere til bortleige av beiter som ikkje er i bruk.
- ✓ Få lokale beitedyr som beitar utanfor kommunen i beiteperioden attende til Gol. Dette vil stimulere til meir bruk av beitedyr i Gol.
- ✓ Stimulere og prioritere tiltak som opnar beitelandskapet, og gjer det meir tilgjengeleg for beitedyr bla gjennom ordninga med spesielle miljøtiltak i landbruket (SMIL-midlar), og regionale miljøprogram.
- ✓ Legge til rette for ”vaktarfe”.
- ✓ Publisere populærvitskaplege artiklar om beite og beitebruk i relevante medier for turistar og fastbuande i Gol/Golsfjellet.

”Kom Leikros, kom Bleikros,

Kom Fefru, mi ku.

Kom Kveldsros, kom Fjellros,

Kom gjævaste du”

Organisert beitebruk - Gol Beitelag

Gol har eitt felles beitelag for heile kommunen. Beitelaget er delt opp i åtte sankelag. Eit for kvart beiteområde. Sankelaga er relativt små og det er få aktive medlemmar att i kvart lag. Einskilde sankelag har relativt store rovvilttap. Det er sau spreidd over store områder i Gol og det er sau i alle fjellområda i kommunen. Storfeholdet nyttar i dag utmarksbeitene i mindre grad enn saueholdet. Storfe går ofte på innmarksbeite i staden. Det er likevel ein trend at fleire med ammekuproduksjon vurderer å sleppe dyra på utmark att.

Fleire av beiteområda er vegetasjonskartlagt og beitekvaliteten er vurdert. Dette har stor nytteverdi med omsyn til reguleringsplanar og med tanke på å unngå beitekonfliktar mellom grunneigar, utbyggjar og husdyrbønder. Det er viktig med vegetasjonskartlegging av områder som ikkje er vegetasjonskartlagt for å kvantifisere kapasiteten i området. Spesielt områder der det truleg er gode beiter bør kartleggast.



Figur 5: Foto Aslak Botten

Område 1: Tunnetjern, Skrøyvestølane, Nørelie, Vermelie, Lauvset, Auenhauglie, Lauvsjøen, Hjartingstølane

Området består av ni besetningar med omlag 410 søyer og 760 lam kvart år. Omlag sju storfe besetningar med kyr, ungdyr og kalv beitar på inngjerda beiter i området. Det er sporadisk beiting med storfe i utmark. Området er i hovudsak fjellbeite i bjørkeskogbeltet. Området er vegetasjonskartlagt med store områder av **svært god beitekvalitet**. Området har låge lammetap, og små konflikhtar. I framtidige utbyggingar bør beitebruksplan nyttast i planleggingsfasen for å unngå dette også i framtida. Det bør takast omsyn for å unngå beitekonfliktar gjennom plassering av hyttefelt, oppsett av gjerde o.l.

Område 2: Hovda (Nord Aurdal kommune)

Området omfattar sju sauebesetningar med omlag 390 søyer og 700 lam kvart år. Området er i hovudsak i Valdres og er ikkje vegetasjonskartlagt.

Område 3: Grønliåsen

Grønliåsen omfattar i dag to sauebesetningar med omlag 140 søyer og 270 lam kvart år. Det er to storfebesetningar i området som beitar på utmark. Området er i hovudsak skogsbeite med relativt høge lammetap. Området har store beitekonfliktar mellom sauebønder og storfebønder med tanke på slepptidspunkt og gjerdeproblematikk. I tillegg er det eit problem med dårlege sperregjerde for å unngå at dyra trekkjer ned i bygda, spesielt mot Grønlio.

Grønliåsen er ikkje vegetasjonskartlagt. I følge geologi karta (vedlegg 4) er beiteområda næringsrike lausmassar med stort potensial for gode beiter. Det er truleg svært lågt beitetrykk i området i høve til kapasiteten. Det vil truleg vere viktig med svært tidleg beiteslepp i området for å utnytte beiteressursane.

Område 4: Skaraåsen

Skaraåsen omfattar i dag to besetningar med omlag 94 søyer og 150 lam kvart år. Det er ikkje særleg utmarksbeiting med storfe i området. Sauemiljøet i området er i fare for å døy ut i området bla pga. høge rovdyrtap. Området har dei høgaste rovdyrtapa i Gol med over 10 % lammetap dei siste 10 åra. Området har lite beitekonfliktar og lite hytteutbygging. Området er ikkje vegetasjonskartlagt.

Område 5: Guriset, Rekkjeset, Skutuset, Kamben, Einarset.

Området omfattar fire sauebesetningar dei siste åra med omlag 220 søyer og 415 lam kvart år. Det er ikkje særleg utmarksbeiting med storfe i området. Området står i fare for å gro att viss ikkje beitetrykket vert halda oppe (landskapsanalyse av Golsfjellet, Clemetsen, M 2001). Området er vegetasjonskartlagt og har **store beiteområde av svært god kvalitet**. Det er låge sau og lammetap i området. Området står under hardt press frå bl.a. hytteeigarar/turistnæring og det har vore fleire konfliktar mellom beitebrukarar, fritidsinteressar og hytteeigarar. Det har vore tilfelle der beitedyr er køyrt vekk frå området og sleppt fri att i bl.a. Valdres. Dette er problemstillingar ein bør unngå. Bruk av beitekart, felles strategiar for gjerdehald ol ved planlegging av hytteområde kan vere med å redusere konfliktnivået. Området har større beitekapasitet enn det som er utnytta i dag.

Område 6: Andsjøen, Raudalen, Høvreslia

Området omfattar åtte sauebesetningar (fire besetningar i 2011). Det er sleppt omlag 260 søyer og 490 lam der dei siste åra. Området har vore i sterk nedgang med tal på besetningar. Det er ikkje utmarksbeite med storfe i området i dag. Området er ikkje vegetasjonskartlagt. Beiteområde har relativt store områder med tjukke lausmassar som kan indikere potensial for gode beite.

Område 7: Holtelia, Frøysokstølane, Hoftunsameiga

Området omfattar tre til fire sauebesetningar med omlag 135 søyer og 250 lam. Det er ikkje utmarksbeiting med storfe i området. Området har middels høgt lammetap. Tapa er truleg relatert til gaupe i området. Området er ikkje vegetasjonskartlagt, men omfattar i hovudsak blandingsbeite med skogsbeite og snaufjell. Det har vore lite beitekonfliktar i området. Men ved utbygging av hyttefelt og liknande bør beitebruksplan og utval av områder til hyttebygging setjast i samanheng med beitebruken for å unngå konfliktar også i framtida.

Område 8: Møen, Brenn, Svilestølane

Området omfattar to sauebesetningar med omlag 120 søyer og 220 lam. Det er ikkje utmarksbeite med storfe i området. Området har låge tap av dyr på beite. Området er vegetasjonskartlagt vest for Fv 51 og inneheld mykje myr og våte område. Det er likevel ein del innslag av felt med potensial for svært gode beiter.

Tap av husdyr på utmarksbeite

Tap av husdyr på utmarksbeite har vore stabilt frå 1995 til 2013 i Gol kommune. Dette gjeld i hovudsak sau og lam.

Tapstala på småfe i Gol har auka dei siste åra samanlikna med perioden 1987-1995. Dette heng truleg saman med auka gaupebestand.



Figur 6: Live Cecilie Grindaker

Tabell 14 Tabellen viser gjennomsnittet for perioden

Samla tapsoversikt sau totalt og pr. beiteområde år 2000-2013										
Stad	Tal bruk	Sau sleppt	Sau tapt	Taps % sau	Lam sleppt	Lam tapt	Taps % lam	Totalt tal sau sleppt	Total tal dyr tapt	Total taps %
Sum for perioden Lauvset/Auenhauglia		5 780	130	2,2 %	10 841	432	4,0 %	16 621	562	3,4 %
Gjennomsnitt Lauvset/Auenhauglia	8,4	413	9	2,2 %	774	31	4,0 %	1 187	40	3,4 %
Sum for perioden Hovda		5 247	114	2,2 %	9 357	214	2,3 %	14 604	328	2,2 %
Gjennomsnitt Hovda	6,4	375	8	2,2 %	668	15	2,3 %	1 043	23	2,2 %
Sum for perioden Grønlio		2 058	57	2,8 %	3 942	291	7,4 %	6 000	348	5,8 %
Gjennomsnitt Grønlio	2,5	147	4	2,8 %	282	21	7,4 %	429	25	5,8 %
Sum for perioden Skaraåsen		1 241	45	3,6 %	1 947	243	12,5 %	3 188	288	9,0 %
Gjennomsnitt Skaraåsen	2,4	89	3	3,6 %	139	17	12,5 %	228	21	9,0 %
Sum for perioden Guriset, Rekkjeset, Skutuset		3 609	83	2,3 %	6 490	239	3,7 %	10 099	322	3,2 %
Gjennomsnitt Guriset, Rekkjeset, Skutuset	3,7	258	6	2,3 %	464	17	3,7 %	721	23	3,2 %
Sum for perioden Søråsen		3 941	122	3,1 %	7 338	401	5,5 %	11 279	523	4,6 %
Gjennomsnitt Søråsen	7,6	282	9	3,1 %	524	29	5,5 %	806	37	4,6 %
Sum for perioden Holtelia, Frøysokstølane, Hoftun		1 764	56	3,2 %	3 317	201	6,1 %	5 081	257	5,1 %
Gjennomsnitt Holtelia, Frøysokstølane, Hoftun	3,5	126	4	3,2 %	237	14	6,1 %	363	18	5,1 %
Sum for perioden Møen, Brenn, Steinstølane		1 511	48	3,2 %	2 729	99	3,6 %	4 240	147	3,5 %
Gjennomsnitt Møen, Brenn, Steinstølane	1,7	108	3	3,2 %	195	7	3,6 %	303	11	3,5 %
Totalt Gol sankelag		25 151	655	3,2 %	45 961	2 120	3,6 %	71 112	2 775	3,9 %
Gjennomsnitt Buskerud Fylke		32 119	770	2,4 %	57 095	3 161	5,5 %	89 214	3 931	4,4 %

Kjelde: Vinni Foss, Nortura og sankelaga i Gol.

Ønsker du å se sjå spesifikt pr. år og pr. beitelag, sjå vedlegg 1

Tapsoversikten syner forskjellane for dei ulike sankelaga i Gol. Middel tala på tap av sau i Gol for 2000-2011 ligg over gjennomsnittet i fylket for perioden 2002-2011 (lam 3,8 %, søyer 1,7 %). *Kjelde: Fylkesmannens landbruksavdeling, FMLA*). Også i Gol er det lokale variasjonar. Spesielt Skaraåsen har store lammetap saman med tilgrensande beiteområde i Grønlio, samt Holtelia på Søråsen. Desse ligg like høgt i lammetap som dei verst utsette områda andre stader i fylket. Det er spesielt beitene i skogsområda som er utsett, og det er gaupe som er hovudårsaken (Bioforsk Rapport Vol. 2 Nr. 165, 2007, *Tapsårsaker hos lam i Ørpen-Redalen beiteområde, Krødsherad 2007*, Inger Hansen, Bioforsk Nord Tjøtta). Rovdyr, og spesielt problem med gaupe, har ført til at fleire saueigarar i desse områda har slutta. Rovviltbestanden må derfor haldast på eit minimumsnivå for å oppretthalde sauehaldet. Spesifikke tal for dei ulike sankelaga går fram i vedlegg 1.

Problemstillingar og utfordringar med gjerdeplikt og beiterett

Tidlegare var det vanleg at dei same bruka både nytta utmarksbeite og samstundes dreiv planteproduksjon på innmark.

Det er i dag færre brukarar med beitedyr, færre eigarar som er interessert i å halde gjerder, meir attgroing og ny utnytting av utmarka gjennom hytteutbygging ol. Det er i dei aller fleste tilfella nok utmarksbeite. Hovudutfordringa er oftast den praktiske beitebruken:

- Dyra vandrar meir, dyra beitar eller oppheld seg på områder dei ikkje har rett til å vere.
- Lite beitetrykk.
- Einsidig beitetrykk.
- Det er ofte dei beste beita som fyrst vert omregulert til andre formål enn beiting (sjå vegetasjonkartlegginga på Golsfjellet frå 2001).
- Tilsåing langs vegar og hytter dreg til seg beitedyr.

Praktiske problem ved utbygging

- Beitedyra er til sjenanse for hyttefolk
- Hyttefolk er til sjenanse for beitedyra (laushundar)
- Inngjerding sperrar etablerte og naturlige dyretråkk
- Inngjerding av mindre areal kan skape feller for dyra
- Beitearealet blir redusert
- Hytteområda er magnet på beitedyr. Godt beite og ly for vær og vind medfører uheldige beitevanar.

Formelt problem ved utbygging

- Beiteretten er ikkje avløyst.
- Plansystemet omhandlar ikkje privatrettslege forhold.

Vanlege årsaker til tvist

- Ønskje om ikkje å halde gjerde.
- Konflikt med jakt og sank av dyr i utmark.
- Konflikt med bebyggelse, hytter og bustadeigedommar
- Skader på dyrka mark
- Konflikt med anna næringsutøving, turisme, camping og liknande.
- Skade på skog

Gjennomgang av rettspraksis og eksempeltfelle

Ikkje gjerdeplikt:

- Utmark utan beitedyr: Kostnaden større enn nytten.
- Utmark med beitedyr på begge sider. Er avhengig av storleik på beitearealet. For lange gjerdestrekningar er kostnaden normalt større enn nytten.
- Mellom planteproduksjonar utan beitedyr.
- Mellom skog utan beitedyr og planteproduksjon utan beitedyr.

Gjerdeplikt:

- Mellom innmarksbeite og innmark med planteproduksjon.
- Mellom utmark med beitedyr og bustadeigedom
- Mellom utmark med beitedyr og innmark: Nyttan normalt større enn kostnaden.
- Mellom utmark med beitedyr og innmarksbeite: Nyttan normalt større enn kostnaden.

Hovudregel: Det er sannsynligvis gjerdeplikt der det er beitedyr på den eine sida av grensa.

Aktuelle lover som regulerer beiterett og gjerdeplikt

LOV-1957-06-28 nr 16: Lov om friluftslivet [friluftsløva].

LOV-1961-06-16 nr 12: Lov om ymse beitespørsmål [beiteløva].

LOV-1961-05-05 nr 00: Lov om grannegjerde [grannegjerdeløva].

LOV-1963-06-21 nr 23: Lov om vegar [veglova].

LOV-1965-06-18 nr 06: Lov om sameige [sameigeløva].

LOV-1968-11-29 nr 00: Lov om særlege råderettar over framand eigedom [servituttløva].

LOV-2003-07-04 nr 74: Lov om hundehald [hundeløva].

LOV-2009-06-19 nr 97: Lov om dyrevelferd [dyrevelferdslova]

LOV2009-06-19-100-§17a, FOR-2012-06-22-606: Forskrift om rovdyravvisende gjerde.

LOV-1970-03-06-5 Lov om avgrensing i retten til å sleppa hingstar, oksar, verar og geitebukkar på beite [hanndyrlova]

Gjerdehald

Gjerding handlar om kvalitet, kunnskap og tilsyn. Oppsett og vedlikehald bør utførast av kompetent personell. Ansvarleg for vedlikehald bør vere definert. Gjerdehald vert regulert gjennom bl.a. gjerdeløva og dyrevelferdslova. Lovene inneheld reglar om utføring, oppsetting og vedlikehald av gjerder samt retter og plikter for grunneigar og husdyreigar.

Gjerde skal vere slik at dyr ikkje vert utsett for unødige påkjenningar og belastningar. Den ansvarlege skal føre naudsynt tilsyn og gjennomføre naudsynte tiltak «for å kunne oppdage, førebygge og avhjelpe fare for unødige påkjenningar og belastningar.» Gjerde med sjeldan tilsyn bør vere av typen ”permanent gjerde utan straum”.



Figur 7: Dagfinn Ystad

Etter dyrevelferdslova sin § 15 er det forbod med piggråd i gjerde for å regulere dyr sin ferdsl. Lova har ikkje tilbakeverkande kraft. Eksisterande piggrådgjerder som er i forskriftsmessig stand kan vedlikehaldas og piggråd kan framleis nyttast på desse gjerdene. Det vart i 2013 utarbeida nye interne retningslinjer av Mattilsynet for bruk av piggråd i eksisterande gjerder, og vedlikehald av desse.

Mattilsynet er ansvarlig for, og gjennomfører gjerdeinspeksjonar i støls- og fjellområda i sommarhalvåret. Dei kan med heimel i dyrevelferdslova gje pålegg til grunneigarar i tilfelle der gjerdehald ikkje er forskriftsmessig. Erfaringsmessig er det størst fare for at gjerda forfell på gamle stølsvollar og innmarksbeiter som ikkje er i bruk og eigedommar der eigar ikkje lenger driv husdyrhald.

Samarbeid med Mattilsynet om gjerdehald

Det er av avgjerande betydning at kommunen, grunneigarar og beiterettshavarar følgjer opp og er pådrivarar i arbeidet med kontroll av gjerder og oppfølging av retningslinjer for gjerdehald. Det bør setjast i gang eit arbeid med å utarbeide gjerderettleiarar for Gol kommune, spesielt for hytter og stølsområda. Bakgrunn er at det i dag er ulik praksis når det gjeld løyve til oppføring av gjerder. I tillegg er det registrert fleire tilfelle av ulovleg oppsett og farlege gjerder, spesielt mange hytter har strømgjerder utan tilsyn og straum som dyr har satt seg fast og skada seg i.

Korleis unngå/reducere/løyse konflikhtar med gjerdehald

Mellom beiterettshavarar innbyrdes

Punkta kan løysast for eksempel med jordskifte eller egne avtaler.

- Opprydding i gamle beiterereguleringar gjennom Gjerdehald innmark mot utmark for eksempel grensegang, sams tiltak eller gjerdeskjønn.
- Sperregjerder som sams tiltak.
- Tvist om beiterett (Kven har beiterett? Kor stor er beiteretten? Kor er beiteretten? Har nokon gjerdeplikt, og i tilfelle kor? Kva verdi kan utløysast ved å legge til rette for beiting?) Ved rettsutgreiing gjennom avtalar eller jordskifte.
- Organisere grunneigarlag/beitelag.
- Tilsyn med beitedyr med salt, mjøl osb.
- Ta ut vanskelege dyr.

Mellom beiterettshavarar og andre brukarar

- Ordning av forholdet mellom jakt og beiting - grunneigarlag - bruksordning ved jordskifte.

Mellom beiterettshavarar og utbyggjar

Før utbygging:

- Være med i planprosessen.
- Lokalisere utbyggingsområder med minst mogleg konflikt.
- Få med reglar om gjerdehald i reguleringsplan.
- Inngjerding av større område som ein del av grunnlagsinvesteringane.
- Få formalisert at utbyggingsområda vert avløyst for beiterett ved avtale eller jordskifte.

I allereie utbygde områder

- Få formalisert og avløyst beiteretten ved jordskifte eller avtale.
- Få til system for inngjerding gjennom jordskifte/avtale



Figur 8 Er dette ein type gjerde me ønskjer? På kva side av gjerde skal sauen gå?
Foto Dagfinn Ystad.

Sperregjerde

Sperregjerde skal ikkje løyse generell problematikk rundt manglande/dårlege gjerde, men skal medverke til å halde beitedyra på rett plass. Mange meiner det normalt vil vere beitebrukarane som har største nytten av sperregjerde, men det er viktig å tenkje på at også dei som slepp unna beitedyra på andre sida av gjerde vil ha ei stor nytte. Sidan dyra då ikkje kjem inn i hagar, ut på jorde, inntil hytteveggar o.l.

Forslag til plassering av sperregjerde er teikna inn i kartdelen i beitebruksplanen for Gol. Innteikna sperregjerde er aktuell ut frå ein praktisk og kostnadmessig tilnærming. Plassering og utforming av sperregjerde må gjerast i samarbeid med og etter avtale mellom alle involverte partar. Dersom sperregjerde kryssar produktiv skog må gjerdet takast ned ved hogst og skogeigar bør ikkje lide tap.

Nytta for dei berørte partane bør synleggjerast i høve til kostnad og vedlikehaldsdeling av gjerdet slik at det til ei kvar tid er i forskriftsmessig stand. Ved kryssing av vegar og stigar bør gjerdet tilretteleggjast med funksjonelle gjerdeklyv, ferister, grunder o.l.

Gard set fred mellom grannar (Håvamål)

Gjerdelova

Gjerdelova gjeld gjerderett og gjerdeplikt i eigedomsgrenser og mellom rettslege bruksområde (eigen innmark og eigen utmark der andre har beiterett). Lova gjeld i utgangspunktet over alt, unntatt mot offentlig veg og jernbane. For gjerde mot veg gjeld Veglovens § 44 - 48.

Gjerdelova gjeld mellom anna plassering, utforming og vedlikehald av gjerde, rettar og plikter i høve til gjerdehald. Den einskilde kommune kan fastsette vedtekter om gjerdehald som går ut over dei reglar som gjeld etter lova.

Elles må ein vere klar over dyrevelferdslova i høve til farlege gjerder, plan- og bygningslova i høve til inngjerding av byggeområda, reguleringsplanar i høve til inngjerding av hyttetomter og friluftsløva i høve til inngjerding av fritidseigedommar og fri ferdsel i utmark.

Gjerderett

Gjerderetten står omtala i gjerdelova § 6. Hovudregelen er at alle har rett til å sette opp gjerde mot naboen, når han betaler gjerdekostnaden sjølv. *MEN* det må ikkje vere til fare for folk eller husdyr eller skade/skjule grensemerke og ikkje vera til unødvendig ulempe eller sjenanse for naboeigedom. Gjerde skal stå i grenselinjene eller inntil 0,5 meter i frå grensa.

Eksempel: *Der gjerdet påfører den eine naboen ulempe utan samstundes å gje den andre fordelar, må det sjåast på som unødig og derfor ulovlig. Oftast er det aktuelle spørsmålet korleis gjerdet skal vere.*

I einskilde tilfelle kan ein krevje at naboen skal vere med på å dele kostnadene med gjerdehaldet – GJERDEPLIKT. Altså at nabo kan krevje gjerde av nabo.

Gjerdeplikt

Gjerdeplikt for nytt gjerde står i gjerdelova § 7 1. ledd.

Det er to vilkår som gjeld

1. vilkår: Gjerde må vere til nytte for begge eigedommane. Dvs. ingen kan tvingast med på eit gjerde som er utan nytte for vedkommande sin eigedom.
2. vilkår: Summen av nytten for begge eigedommane må overstige kostnadene med oppsetting. Eksempel *Det kan vere tilfelle der gjerdet i og for seg er til nytte for begge eigedommane, men kostnaden er større enn den samla nytta.*

Gjerdeplikt (eller vedlikehaldsplikt) eksisterande gjerde står i gjerdelova § 7 2. ledd.

Ein kan ikkje automatisk slutte å vedlikehalde gjerde sjølv om ein sluttar med dyr. Så lenge vedlikehaldskostnadane er mindre enn nytta for begge eigedommane samanlagt, skal eldre gjerder vedlikehaldast og ikkje rivast ned. Kostnadsaspektet er det viktigaste.

Vedlikehaldsplikta er ikkje avhengig av at gjerdet er til nytte for begge eigedommane. Dette er den viktigaste forskjellen i forhold til nytt gjerde. Føresetnadene for å krevje gjerdeplikt gjennom vedlikehald er mindre enn gjerdeplikt for nytt gjerde. Sjølv om det ikkje er gjerdeplikt på oppsetting av nytt gjerde, kan det bli gjerdeplikt på vedlikehald av gjerde.

Gamle gjerdereistar skal fjernast, jf. § 5

Gjerdehald i tilknytning til hytter i utmark

I gjerdelova § 7 3. ledd står det blant anna at hytteeigarar kan ikkje krevje at utmarkseigar set opp gjerde mot hyttetomta sjølv om beitedyr kjem inn på tomta. Hytteeigaren kan heller ikkje stenge beiterettshavarane ute viss det kviler beiterett på tomta. Dersom utmarkseigar krev gjerde må han sjølv være med dersom det ikkje er avtalefesta noko anna.

Viss gjerdeforholda er presisert i reguleringsplanen må ein halde seg til desse retningslinjene eller krevje omregulering. Gjerdeføresegner etter plan- og bygningslova, § 20-4b, fastleggast i reguleringsføresegnene.

Dei siste åra har det kome opp mange midlertidige gjerder rundt hytter. Midlertidige gjerder er oftast trådgjerde med straum (2 eller 3 trådar) eller plastnetting med straum. Nokon nyttar straum, andre ikkje. **Gjerder med straum skal ha dagleg tilsyn.** Utan straum fungerer plastnettingen som fiskegarn på dyr. Det kjem kvart år inn mange meldingar om dyr som set seg fast i midlertidige gjerder. Landbruksnæringa og Mattilsynet åtvarar sterkt imot midlertidige gjerder utan dagleg tilsyn.

Det bør inn i reguleringsplanane spesielt for hytteområda at det er lov å sette opp faste gjerder, men at det er strenge krav til oppsett og utforming i høve til grannegjerdelova. Grannegjerde skal vera såleis laga og vedlikehalda at det ikkje er farleg for folk eller husdyr. Det må ikkje gjerast såleis at det løyner bort eller skader noko delemerke. Gjerdeskipnad i strid med grannegjerdelova kan ikkje avtalast. Når grannegjerda ikkje vert halde oppe lenger, skal grannane taka bort gjerde eller gjerderestar som kan vera farlege for folk eller husdyr. Så langt grannane ikkje har ansvar for kvart sitt stykke, skal dei dele kostnadene med å taka gjerdet eller gjerderestane bort i same høve som den skyldnaden dei hadde til å halda gjerde på den tida dette vart lagt ned. Tvist etter denne paragrafen kan avgjerast med skjøn. I vedtekt stadfest av Kongen kan kommunestyret setja forbod mot visse type grannegjerde og gjeva nærare føresegner om korleis gjerde skal vera, fastsetja andre krav til høgd, styrke og tettleik på jordbruksgjerde enn dei som er sette i § 15 i grannegjerdelova, 2. ledd. Kommunestyret kan og fastsetja kva tid på året marka skal reknast for tenleg til beiting, jf. § 15, 2. ledd.

I vedlegg 2 er det ei oppstilling over kva reglar som gjeld for gjerding i nyare reguleringsplanar. Det er mange eldre planer som ikkje er med i lista. For dei eldre planane er det då ingen spesielle reglar utanom gjerdelova som gjeld. Det gjeld for

- Skaraåsen: Habbeset, Sjauset, Nystølen, Narveset og Smylistølane/Snuforinkje.
- Golsfjellet: Brautemo, Einarset-Nerebekken, Guriset Sameige – hyttefelt, Hjartingstølane, Lauvset, Lauvsjø, Møne, Rekkjeset, Storla-Vermelia og Tretteskogane.

For å ivareta beiteinteressene vert det ofte bestemt at berre ein del av tomta kan gjerdast inn. Er det ei god løysing?

§ 6 i gjerdelova seier at *”Granne har rett til å ha gjerde mot granneeigedom når han kostar det sjølv”*. Og i gjerdelova § 7 3. ledd står det: *«Mot hyttetuft i utmark har utmarkseigaren ingen skyldnad til å halde gjerde»*

Er det krenking av beiteretten om gjerde blir satt opp rundt hyttetomta utan at beiteretten formelt blir avløyst? Ei slik vurdering må gjerast konkret på grunnlag av servitutlova §§ 2 og 3. I samband med dette kan eit vurderingsmoment vere om det er tilstrekkeleg beite elles. Viss gjerdeforholdet er presisert i reguleringsplan må ein halde seg til desse retningslinjene eller krevje omregulering.

NIJOS beiterapport frå 2001 for Lusetermorkje i Heidal seier:

”Det er mange fordelar ved eit felles gjerde rundt eit hyttefelt, dersom hyttefeltet er konsentrert. Hytteeigarar og dyr vert halda åtskilt, noko som ofte er til beste for begge partar. Det er fritt for gjerde innanfor hytteområdet. Det vert enklare å halde god og eins standard når plikt til vedlikehald er felles og ein får eit gjerde med lik utsjånad som er ein fordel også reint estetisk. Ved felles inngjerding unngår ein at inngjerdinga rundt kvar hytte fungerer som feller, viss gjerde eigaren ikkje heldt gjerde vedlike eller ikkje set på grinda før langt ut i beitesesongen.”

Beitelova

Beitelova gjeld i høve til husdyr. Mellom anna husdyrinnehavars ansvar (vakteplikt). Sjå også den såkalla hanndyrlova. Men beitelova seier **ikkje** noko om beiterett.

Beitelova regulerer rettar og plikter i samband med husdyr på beite, for dyreeigar og for grunneigar. Lova gjev heimel for regulering av beitetidspunkt, og for å setje forbod mot beiting i avgrensande områder.



Figur 9: Foto Dagfinn Ystad

Vakteplikt

Vakteplikt er omtala i beitelova § 6. Den inneber at eigarar av husdyr pliktar å sørge for at dyra ikkje trenger inn på stader der dei ikkje har rett til å være. Brot på vakteplikta kan føre til erstatningsansvar for skade, bøter ved for eksempel forsettleg åtferd. Det kan og vere mogeleg å ta dyra i forvaring. Vakteplikta vert av enkelte utan dyr på beite vist til som grunnlag for ikkje å delta i

gjerdehald. Dei utan dyr hevdar at dei kan vise til husdyreigar si vakteplikta og at dei sjølve utan dyr derfor ikkje har nytte av gjerde. Dette er ikkje rett.

Kva er beiterett

Beiterett er ein rett til å sleppe dyr på beite. I utgangspunktet er beiteretten ein del av grunneigedomsretten, men beiteretten kan også vere bruksrett på annan mann sin grunn. Beiteretten kan ein ha åleine eller saman med andre (sameige).

Typisk for beiteretten:

- Den er ikkje kartfesta.
- Finns ikkje i matrikkelen.
- Er ofte ikkje avklart geografisk.
- Kan ofte vere uklart kven som har, og kor stor den er.
- Det finns ikkje alltid skriftlege kjelder for beiteretten.

Beiterett på framand grunn er regulert på ulike måtar. Grunnlag for beiterett kan vere; avtale, hevd, alders tidsbruk, og lokal sedvane. Beiterett er ofte i liten grad tinglyst, men kan framkome i skøyte, skyldelingar, utskiftingsprotokollar (jordskiftesaker) o.l.

Beiteretten forsvinn normalt ikkje ved at den ikkje vert nytta. Beiteretten kan heller ikkje gå tapt som følge av omregulering til for eksempel hytteutbygging. Viss nokon har beiterett på eit areal som vert omdisponert til formål som gjer at beiteretten ikkje let seg utnytte, er det aktuelt at beiteretten vert erstatta eller avløyst.

Beiteretten er som oftast etablert gjennom generasjonar sin bruk av ressursane i utmarka, ofte knytt til stølsbruk. Beiteretten er i tillegg til beitelova også styrt gjennom sameigelova § 3 og servituttlova §§ 2 og 3.

Det er sjeldan for mange beitedyr i høve til beiteretten.

Ulike grunnlag for beiterett

Avtale om bruk kan vere skrifteleg eller munnleg. Det kan og vere ei stilleiande avtale. Eit viktig poeng som gjeld alt som her er nemnd om avtale, er at det er gjensidig akseptert av partane at beitinga skjer.

Hevd er langt strengare enn avtale. For å opparbeide hevd må bruken ha føregått i minst 50 år. Vedkomande beitebrukar må ha gjort dette i «aktsam god tru» dvs. at han har trudd at han hadde rett til dette og har gjort sitt for å skaffe seg den naudsynte kunnskapen om rettsgrunnlaget.

Alders tids bruk ligg nærast opp mot hevd, krev at bruken har føregått i 50-100 år i «aktsam god tru» av ein bestemt eigedom.

Lokal sedvane dvs. ei allmenn rettsoppfatning lokalt, men også gjerne for eit større område. Ein treng i dette tilfelle ikkje sjølv å ha utøvd retten, men det må visast til at dette har vore den allmenne rettsoppfatninga i området.

I denne planen blir det ikkje tatt stilling til beiterettane til kvart einskild bruk i kommunen. Vurderingane under er gjort på eit generelt grunnlag.

Streifbeiting

Streifbeiting er beiting på tvers av rettingheitsgrenser. Det er ingen rett, og er såleis å sjå på som ein tålt bruk. Streifbeiting er ein slags stadfesting av det faktum at dyr kryssar grenser. Streifbeiting er ikkje rettsleg verna, men den er unnateken vakteplikta. Dyr må sleppast der dyreeigar har beiterett. Det inneber at streifbeitinga ikkje kan nyttast systematisk. Streifbeiting er i praksis vanleg over heile landet.

*Gamle Bry'n har støl på auståsen i Gol.
Denna leigde'n ut på åremål i fjol.
No fær'n kjaft for at sauid'n hass gå
rundt buaveggen der å gjera det 'rei må.*

Frå Hellbillies, Cooltour, Sur som Rognebær

Beitedyr og gjerding- Unngå konflikt og tvist

Bakgrunn

Det er ofte individuelle forskjellar frå stad til stad for å ivareta beitebruk og utbyggingsinteresser. Det bør vere eit mål å oppnå fordelar både for beitebrukar og utbyggjar/grunneigar.

Beitebruken har både ei praktisk, men og ei formell side.

Praktisk beitebruk

Utbyggjar bør tidleg kome i dialog med beitebrukarane for å lage ein plan for å ivareta beitebrukarane. Det vil vere til beste for alle partar å redusere konfliktnivået mellom grunneigar, utbyggjar og beitebrukar. Inngjerding av hyttetomter vil oftast vere ein vinn-vinn situasjon for alle partar.

Formelt ved beitebruk - Avløyning av beiterett (ikkje anbefalt)

Vert beiteretten avløyst frå eit bestemt areal vil ansvaret til husdyreigaren auke viss beitedyra voldar skade på gjenstandar på dette arealet. Sidan det i praksis i dag er nok beite vil ikkje beitebrukaren oppnå nokon særleg gevinst ved avløyning av beiteretten.

Avløyning av beiterett utan vakteplikt (ikkje anbefalt)

Det er mogeleg å avløyse beiteretten på for eksempel ei hyttetomt samstundes som vakteplikta ikkje vert gjeldande på hyttetomta. Dette aukar ansvaret hjå beitebrukaren. I praksis vil verken beitebrukaren, utbyggjar eller tomteeigar oppnå nokon gevinst.

Avtaler mellom utbyggjar og beitebrukar (anbefalt)

Det er mogeleg å velje ei løysing der beiteretten ikkje vert avløyst. Beitebrukar, utbyggjar og grunneigar må då avtale at det er nyttig å gjerde inn hyttetomta. Beitebrukaren sine interesser står mykje sterkare i tvistar, for eksempel i høve til skader årsaka av beitedyr og i høve til om ev. gjerdet ikkje er i god nok stand. Grunneigaren vil kunne verne om sine verdiar på ein god måte. Utbyggjar slepp å mekle.

Felles inngjerding av hyttefelt

Det er mogeleg å avtale at heile hyttefeltet vert gjerda inn. Hyttefeltet bør då vere kompakt. Konflikstar mellom hytteeigar, beitebrukar og utbyggjar vert redusert. Beitebrukar har ofte nok beite likevel, samstundes vil beitebrukaren stå sterkare viss det er tvist om ansvarsfordeling. Hytteeigaren får ta vare på sine verdiar, samstundes er det oftast ei mykje rimelegare løysing for alle partar. Det er mogeleg å få ordna forhold i høve til vedlikehald av gjerde på lik linje med felles vatn og kloakk, brøyting o.l.

Ei avtale er oftast rimelegare enn å bruke jordskiftesak eller liknande.

Tiltak: Beitedyr og gjerding

- ✓ Innarbeide i reguleringsplanane for hytteområda at det er lov å sette opp permanent gjerde inntil 1 000 m² rundt hytta, inklusiv bebygd areal (alternativt fellesgjerde for feltet). Tomtegrenser må uansett ikkje overskridast. Det er hytteeigaren som er ansvarleg for å dekkje alle kostnader med oppsett, vedlikehald og tilsyn med gjerdet. Inngjerda område skal vere samanhengande. Plassering, utforming og farge på gjerde skal visast på teikningar. Situasjonsplan skal leggjast ved byggjesøknaden. Oppsett av gjerde skal byggemeldast. Det er strenge krav til oppsett og utforming i høve til grannegjerdelova. Grannegjerde skal vera såleis laga og vedlikehalde at det ikkje er farleg for folk eller husdyr. Det må ikkje gjerast såleis at det løyner bort eller skader noko delemerke. Gjerdeskipnad i strid med grannegjerdelova kan ikkje avtalast. Når grannegjerda ikkje vert halde oppe lenger, skal grannane taka bort gjerde eller gjerderestar som kan vera farlege for folk eller husdyr. Kommunen og/eller stølslag er godkjenningssmyndigheit.
- ✓ Utarbeide heilskaplege felles gjerderettleiar med retningslinjer og vedtekter samt anbefalt oppsett og vedlikehald av gjerdet for fritidseigedommar, hus og hytter, både for ny og eldre busetnad. Distribuerast som "teezer" eller liknande. I aktuelle blader, og distribusjonskanalar.
- ✓ Innarbeide i planverket ved utbyggingssaker, tiltak for å redusere konflikhtar mellom hytter og beitedyr.
- ✓ Salteplassane bør brukast aktivt for å halde beitedyra i ønska område. Stølslag, grunneigarar, beitebrukarar og jaktinteresser bør gjere ei felles vurdering for å finne dei mest eigna salteplassane.
- ✓ Utarbeide plan, og setje opp naudsynte sperregjerder for å halde beitedyra i ønska beiteområde.
- ✓ Informere om at midlertidige gjerder skal ha **dagleg** tilsyn.
- ✓ Som ein del av grunnlagsinvesteringane i hyttefelt gjennomføre gjerdeoppsett og kultivere beite for å gjera andre områder enn bebygde strok meir attraktive for det beitande fe.
- ✓ På felles inngjerda hyttefelt, i samarbeid med t.d. velforeining; innarbeide årlege vedlikehaldsbudsjett og vedlikehaldsrutinar for felles gjerder på lik linje med t.d. vegvedlikehald, brøyting, avfall og kloakk, i både nye og gamle hytteområder.
- ✓ Stimulere til inngjerding og rydding av gamal beitemark.
- ✓ Stimulere til meir organisert beitebruk gjennom beitelag for betre beiteutnytting og mindre smittepress.
- ✓ Legge til rette og løyse beitekonflikhtar gjennom oppføring av sperregjerder.
- ✓ Opprette kontaktpunkt mellom sankebas og jaktleiar.

Rovvilt

Fram til midten av 1800-tallet var det stor bestand av bjørn, jerv, ulv og gaupe over store delar av landet. Jaktstatistikken fortel at det var betydelege førekomstar av dei fire store rovdyra også i Buskerud fylke. Hard jakt på alle dei store rovdyra førte til at ulv og bjørn nesten var utrydda rundt 1950. Bestandane av jerv og gaupe har også vore låge fram til 1980/90-tallet. Jerven vart freda i Sør-Norge frå 1973 og i heile landet frå 1982. Seinare har bestanden av gaupe teke seg opp. Det same gjeld for jerven.

Ulv og bjørn vart freda i heile landet i 1971 og 1973. Det har vore ein auka førekomst av streifindivid og auka skade på sau i Buskerud opp gjennom 1990-tallet pga. bjørn og spesielt gaupe. Ulv har det ikkje vore i større grad i vårt område. Denne utviklinga har truleg samanheng med bestandsauken nasjonalt og utvida rovdyrområder med ynglingar på austlandet og på svensk side av riksgrensa.

Rovvilt i Gol

Gol har historisk sett i etterkrigstida vore skåna for rovdyr. Denne trenden har snudd. I kommunen er det av dei store rovdyra i dag representert førekomst av bjørn og gaupe. Det er dei siste åra registrert auka tap av husdyr på grunn av freda rovvilt (gaupe, ørn og bjørn). Av dei store rovdyra er det gaupa som er mest utbreidd i Gol. Det er bestemt at Gol som ein del av jaktområde "øst 1" skal ha ynglande gaupe i området. Gaupa står for den største delen av husdyrtapa, hovudsakleg på sau. Dette syner godt i tapsstatistikken (vedlegg 1). Gaupa held seg hovudsakleg i skogsområde. Men førekjem også i fjellområda. Det har vore gjennomført kvotejakt på gaupe kvar vinter dei siste åra.

*Les at ulven kan få slå seg ned i Hol,
Det fær 'kji ulven lov te gjera i Ål og Gol.
Men koss kunn dei tru at ulvad'n kunn sjå,
kor i lendet her kommunegrensu'n gå.*

*No æ'n terga upp tå byfolk,
like fyri'n slær.
Ja no æ'n ill, og so sur som rognebær.*

Frå Hellbillies, Cooltour, Sur som Rognebær

Frå 2006 har Gol vore ein del av SCANDLYNX prosjektet i rovviltregion 2 (Aust Agder, Telemark, Vestfold og Buskerud) og region 3 (Oppland). Delprosjektet med GPS merking av gauper vart avslutta i 2012. SCANDLYNX koordinerer all forskning på gaupe i Skandinavia. Eit overordna mål for SCANDLYNX er å samle inn og formidle kunnskap om gaupa, og dermed bidra til å fremje kunnskapsbaserte forvaltningsmodellar som vert akseptert av ulike interessegrupper. SCANDLYNX har sida 2006 samla inn økologiske data på gaupe i rovvilt region 2 og 3, i Gol har det i perioden 2006-2012 vorte gjennomført sporing og GPS merking av gaupe i vinterhalvåret.

Det er jamlege observasjonar av gaupe i Gol, og gjennom SCANDLYNX prosjektet vist at fleire gauper har faste område i Gol kommune. Me kan derfor heilt sikkert seie at gaupa har etablert seg fast i kommunen.

Kvar vinter er det kvotejakt på gaupe. I tillegg har Fylkesmannen moglegheit til å gje fellingsløyve på skadedyr i beitesesongen, innanfor kvote gjeve av Rovviltnemnda i region 2.



Figur 10: Foto tatt med viltkamera av Harry Granli.

Bjørn, jerv og ulv førekjem som streifdyr i kommunen. Sommaren/hausten 2011 vart det gjeve fellingsløyve på bjørn etter at det vart registrert bjørnedrepen sau og lam. Jakta gav ikkje resultat.

Jakt på rovvilt

Gol kommune har, som reisten av kommunane i Hallingdal, ein kommunal skadefellingsleiar som har eit disponibelt mannskap på 10-12 personar som alle har gjennomført kurs i jakt på bjørn. Fylkesmannen skriv ut skadefellingsløyve til vertskommunen ved regional skadefellingsleiar, primært bjørn som er den mest aktuelle arten for Gol. Regional skadefellingsleiar koordinerer skadefellingsforsøket i samråd med kommunal skadefellingsleiar.

Skadefellingsløyve på gaupe utanfor kvotejakta kan i tillegg gjevast til andre enn det kommunale skadefellingslaget.

Rovviltnemnda i region 2 vedtek kvart år betinga kvote for skadefelling av gaupe, bjørn, ulv og jerv i tillegg til ordinær kvotejakt. I Gol har det dei siste åra vore kvotejakt på gaupe. Kvotejakta varar frå 1. februar til 31. mars, eller til kvota er fylt. Det er og eit privat jaktlag i Hallingdal "Hallingdal rovviltjaktlag" som driv med organisert jakt på rovdyr. Primært kvotejakt på gaupe, ettersom felling av bjørn er dei kommunale skadefellingslaga sitt ansvar.

Rovviltnemnda vurderer årleg om det skal gjevast lisensfelling på brunbjørn, jerv og ulv og eventuelt kor store kvotene skal vera. Jegerar som ønskjer å delta må vere registrert som lisensjeger i Jegerregisteret og det vert kravd løve frå grunneigar. Det er likevel ynskjeleg at dette skjer i samarbeid med jaktlaga. Ein viser elles til informasjon på www.rovviltportalen.no og Forvaltningsplan for rovvilt i region 2.

Førebyggande tiltak mot rovviltskader

Dei siste åra er det gjennomført ulike prøveprosjekt med radiobjøller (dødsvarslarar). Desse varslarane gjev bonden melding om "bjølla" ikkje har bevega seg dei siste tre "rapportar". På denne måten kan bonden raskare finne skadde eller daude dyr og påvise dødsårsaken. Relevante måleparameter i det einskilde sankelag bør nyttast for kven som bør delta i ulike utprøvningsprosjekt som til dømes radiobjøller. Me viser og til rapport "Framtidsretta sauehald i områder med rovvilt" frå Miljøverndepartementet. Her vert det gjeve ein oversikt over dei tiltak som er utprøvd her i landet. Rapporten konkluderer med at det er vanskelig å finne tiltak som fungerer tilfredstillande i område der beitebruken fungerer som i Gol, med beitedyr spreidd over store utmarksområde. Dei tiltak og prosjekt som har vore vellukka, har hovudsakelig vore gjennomført i områder der beitedyra beveger seg på avgrensa areal.

Andre tiltak for å førebyggje rovdyr skader kan vere:

- Tidlegare sanking av sau.
- Forsinka slepp på beite.
- Flytting av sau.
- Bruk av vaktarhund (berre på inngjerda beite).
- Styrt bruk av område ved hjelp av gjerde (t.d. "rovdysikre" gjerde).
- Bruk av tekniske tiltak (for eksempel radiobjøller).
- Ekstraordinært tilsyn. Med dette meiner ein iverksetjing av intensivt tilsyn/gjeting straks det er oppdaga rovdyrskadar, samt at dette blir utført kveld, natt og morgon.

Det er gjennomført prosjekt der utvida tilsyn er ein naudsynt del av ei kombinasjonsløyving.

Organisering av rovviltjakt

Organisering av rovviltjakt bør gjerast på den måten som gjev iverksetjing av fellingsløyve på skadedyr raskast mogeleg. Det kommunale rovviltutvalget bør i forbindelse med felling av skadedyr:

- Utarbeide beredskapsplan
- Vaktordning for jegerar
- Skolering av dyreeigarar og jegerar om rovvilt, åtferd, bevegelsesmønster m.m.

Rovviltutvalet er eit viktig organ. Det bør vere breitt samansett og representere alle grupperingar som har interesser i utmarka. Rovviltutvalet har derfor ei sentral rolle i det vidare arbeidet med rovviltforvaltninga.

Tiltak: Rovvilt

- ✓ Organisere effektivt uttak på dei rovdyr (bjørn, jerv, ulv) som ikkje skal vere i Gol.
- ✓ Oppretthalde Hallingdal Rovviltjaktlag med økonomiske verkemiddel.
- ✓ Auke kvotene på gaupe slik at bestanden kjem ned på fastsett mål iht. rovviltforliket.
- ✓ Tilsynet som vert gjort i regi av sankelaga i dag er godt organisert, og Arbeidsgruppa rår til at dagens tilsynsordningar fortsett.
- ✓ Prioritere radiobjøller til beiteområde med størst tap (sjå vedlegg 1 Tapstatistikk for dei ulike sankelag i Gol 2000-2011).
- ✓ Påverke til forsvarleg forvaltning av rovdyrstamma i kommunen.
- ✓ Prioritere og oppretthalde aktive jaktlag som oppfyller forvaltningsplan.
- ✓ Regionalt samarbeid om jakt og felling av skadedyr.
- ✓ Rovviltutvalet bør utarbeide beredskapsplan, og vaktordning for jegerar samt skolering av dyreeigarar og jegerar om rovvilt, åtferd, bevegelsesmønster m.m.

Attgroing – tap av biologisk mangfald

Beitebruken har bidrege til å skape eit særprega landskap i utmarka og i stølsområda. Nedgang i talet på beitedyr i utmarksområda og i stølsområda er vorte svært synleg. Denne utviklinga skjer sakte og blir derfor ikkje så godt lagt merke til. Ser ein på fotomateriale frå ca. 50-100 år attende ser ein at landskapet har endra seg mykje.

Krattskogen breier seg og landskapet gror att. Etter kvart gror dei tidlegare beiteareala til med lauv- og barskog. Dette påverkar inntrykket av landskapet, tilgjengelegheita til landskapet, opplevinga av kulturminne og kulturmiljøa, og det biologiske mangfaldet.



Figur 11: Golsfjellet 2000/1928 Foto av Morten Clemetsen

Aktiviteten i stølsområda har endra seg dei siste 10-åra. Den tradisjonelle stølsaktiviteten er i tilbakegang, og stadig færre har mjølkeproduksjon på stølane i sommarhalvåret.

Jordbruksareala vert framleis dyrka, men med færre stølar med mjølkeproduksjon blir det færre storfe som beitar fritt. Vedhogsten i stølsområda er nærast borte. Dermed endrar kulturlandskapet i stølsområda seg, og står i fare for å bli forringa.

Også i utmarka vert attgroinga etter kvart godt synleg. Det er fleire 10-år sidan hausting av vinterfôr slutta, og vedhogst skjer i svært lite omfang. Endra rammevilkår som påverkar økonomien i landbruket og stadig aukande rovviltbestandar kan på sikt føre til at talet på beitedyr i utmarka vert redusert. Dersom beitedyra vert borte, vil det føre til ein redusert beitekvalitet og ei svekking av det biologiske mangfaldet samt at kulturlandskapet vert endra.

Norsk Institutt for Naturforskning (NINA) la 3. april 2003 fram ein rapport i forbindelse med arbeidet med ny rovviltmelding, med tittelen "*Beiting, biologisk mangfold og rovviltforvaltning*" (NINA fagrapport 71). I rapporten er det sett på om rovviltforvaltninga kan være ein trussel mot det biologiske mangfaldet knytt til beitebruk. NINA-rapporten konkluderer med at rovdyrforvaltninga kan få konsekvensar for det øvrige biologiske mangfaldet dersom den fører til endra utmarksbruk.

Skog og landskap har i sin rapport «*Vegetasjon og beite på Golsfjellet, NIJOS-rapport 3/01*» konkludert med at eit godt beitetrykk i åra framover må gjennomførast for å ta vare på beiteverdien, tilgjengelegheita i området og opplevingsrikdommen som eit opent område gjev.

I rapporten «*Golsfjellet, Landskapsanalyse, forslag til tiltak for landskapspleie og områdeutvikling av Morten Clemetsen, Aurland Naturverkstad, 2001*» er også beiting ved

fleire høve nemnt som viktige tiltak for landskapspleia og områdeutviklinga i stølsområda på Gol.

Norge er forplikta av internasjonale avtaler og nasjonale mål når det gjeld å ivareta det biologiske mangfaldet. Artar som krev spesielt vern omfattar alle artsgrupper, og omsynet til rovdyra kan kome i konflikt med andre artar eller naturtypar som ein er forplikta til å ta vare på.

I einskilde områder er det sett i gang beiterydding for å halde beitelandskapet ved like. Einskildbrukarar har fått støtte gjennom SMIL-ordninga til rydding av gamal beitemark.

Det har etter kvart vorte meir vanleg med andre storfe raser enn NRF (Norsk Rødt Fe). Fleire av kjøttferasane er kjent for å nytte utmarksbeite på ein betre måte enn den tradisjonelle mjølkekua. Aukande beiting med storfe kan bidra til å bremse attgroing i områder kor dette er aktuelt.

Tiltak

Tiltak: *Mot attgroing og tap av biologisk mangfald*

- ✓ Auke talet på beitedyr ved å konsekvensutgreie moglegheiter for "vaktarfe" eller felles beiter, på linje med "Fødal og lungsdalsdrifta" eller likande der grunneigarar ønskjer dette.
- ✓ Utnytting av beiteområda omfattar også vedhogst. Gjennom å auke hogst i støls- og utmarksområda kan ein bidra til å redusere attgroingstakta.
- ✓ Informere om verdien og motivere hytte- og stølseigarane til å nytte lokalprodusert ved frå fjellområda.
- ✓ Leggje til rette for å løyse beitekonfliktar eksempelvis sperregjerder (sjå vedlagt beitebrukskart f.eks. "Reguleringsplan, kommuneplan, beiteområder og svært gode beiter, Gol")
- ✓ Motivere og legge til rette for lokale husdyreigarar som nyttar beiter utanom Gol til å ta beitedyra attende til Gol.
- ✓ Bruke eksisterande inngjerda beiter også på "heime" områder.
- ✓ Motivere sankelaga, grunneigarar og stølslag for tidlegare slepptidspunkt enn tradisjonell skikk og sedvane for området.
- ✓ Føretak som slepp dyr bør informere naboar og grunneigarar om slepptidspunkt minst to veker før slepp i utmark for å redusere ev konflikta.
- ✓ Sleppe ut dyr på fjellbeitet tidlegare på sommaren(1.-10. juni)
- ✓ Auke bruken av biobrensel.

Andre næringsinteresser

Det har i ei årrekke vore stort press på utbyggingsområder til reiseliv og fritidsformål. Storparten av desse gjeld utbygging av hytteområde eller regulering til reiseliv og turisme.

Det er i dag ca. 2 700 hytter (kode 161) i matrikkelen i Gol kommune. I tillegg er det sett av areal til eit stort tal hyttetomter gjennom eldre disposisjonsplanar og nyare reguleringsplanar. Dei største pressområda har vore Bualii, Bjødnalii og området Einarset og Kamben. Her har utbyggingstakta vore høg, og store areal er omdisponert til hytter, hotell og anna turistverksemd. Store areal nyttast til aktivitetar i tilknytning til reiseliv/turisme, alpinanlegg m.m. Dei siste åra har og andre områder bygd ut ein del hytter. Det vert bygd nye hytter også i reisten av kommunen.

I kjølvatnet av utbygginga dukkar det opp ei rekkje konfliktområde. Utbygginga legg under seg store areal, og ofte den beste beitemarka (sjå vedlagt kart "Reguleringsplan, kommuneplan, beiteområder og svært gode beiter, Gol). Dette reduserer utmarka sin verdi som beiteområde. Dermed vert beiterettshavar sine rettar redusert. Utbygginga fører med seg auka trafikk i utmarksområda, noko som verker forstyrrende på både vilt og beitedyr. Beitedyr i hytteområda har nokre stader vore problematisk; få hytteeigarar ønskjer å ha beitedyr på hytetrappa. Bruk av gjerder i hytteområda er stadig kjelde til konflikt. Bandtvang og hundehald gjev og konfliktar med beitedyr.

I pressområda vil det ofte oppstå interessekonfliktar mellom ulike grunneigar- og utbyggingsinteresser. Desse er ofte samanfallande på den eine sida. På motsett side står beiteinteressene. Ved omdisponering av areal til andre næringsformål har ein ofte sett at grunneigarinteresser går framføre beiteinteresser. Dette er ei kjelde til å bli usamde også innanfor landbruksnæringa.

Les meir om rettar og pliktar i kapittelet "Problemstillingar og utfordringar med gjerdeplikt og beiterett" der står og forslag på tiltak for inngjerding av hyttetomter samt tiltak for å redusere beitekonfliktar.

Tiltak

Tiltak: andre næringsinteresser

- ✓ Utarbeide gjerderettleiar. Distribuere denne til tomteeigarar, hus, hytter og stølseigedommar, turistbedrifter, turistar, grunneigarar o.l. i Gol.
- ✓ Rydde opp og rive ned gjerder som er til fare for dyr på utmark og innmark. Finansiering gjennom SMIL-midlar og fellestiltak bør prioriterast.
- ✓ Synleggjere vegetasjonskartlegginga av Golsfjellet frå 2000 betre (NIJOS-rapport 3-01).
- ✓ Utarbeide landskapspleie/beiteplanar også for andre næringar enn landbruket.

Friluftstinteresser

Tidlegare tiders beitebruk har skapt eit kulturlandskap som eignar seg svært godt for friluftsliv. Redusert beitetrykk vil føre til attgroing og redusert tilgjenge for dei som ferdast i utmarka.

Golsfjellet utmarkslag gjennomførte i 2001 ei landskapsanalyse med forslag til tiltak for landskapspleie og områdeutvikling (Spør landbrukskontoret eller NLRØ for å sjå rapporten). Målet med arbeidet var å:

1. Gjennomføre ein overordna landskapsanalyse over Golsfjellet med vekt på natur, kultur og opplevingsverdiar.
2. Greie ut framlegg til tiltak som kan vere med å oppretthalde eit attraktivt kulturlandskap, gode ferdselstilhøve, mangfald av opplevingar og styrke grunnlaget for verdiskaping på Golsfjellet. Tiltak mot attgroing skal prioriterast.

Landskapsanalysen er ein slagkraftig og langsiktig utviklingsstrategi for Golsfjellet og vil vere avhengig av at ein ser ressursar og verdiar som skal nyttast under eitt. På denne måten kan ein oppnå ei felles forståing av korleis dei bør forvaltast.

Mange turgåarar har med seg hund i utmarka og mange hytteeigarar har med seg hund på hytta. Det dokumenterast kvart år at sau er drepe eller skadd av laushundar. Laushundar jagar husdyra, og spreier flokken med den følgja at lam kjem vekk frå mødrene sine.

Hundelova skal framleis supplerast av dyrevernlova og lover som regulerer hundehald i naboforhold. Hundelova opnar for at i situasjonar der ein hund har skada ein person vesentleg eller ei rekkje definerte dyr vesentleg, og hunden vert påtreft i umiddelbar forbindelse med handlinga, kan kven som helst avlive hunden på staden om den framleis utgjør fare. Vesentleg skade vil si skader som er å sjå på som legemsbeskadigelse etter straffelova § 229.

Regelen om alminnelig bandtvang frå 1. april til 20. august vidareførast. Det same gjeld kommunen si moglegheit til å gje utfyllande forskrifter. Gol kommune har eigen forskrift om hundehald: FOR 2007-06-19 nr 763: Forskrift om hundehald, Gol kommune, Buskerud. Etter denne er det utvida bandtvang tom. 30. september (1. april – 30. september).



Figur 12: Til venstre gjerdeklyvar med handtak og til høgre sauesikker grind, Foto Erling Skurdal

Friluftsliv og gjerdehald

Rydding og vedlikehald av gamle ferdselsårer i beiteområda er viktig for turistnæringa og i høve med tilsyn av dyr på beite. Slike tiltak kan også gi grunnlag for tildeling av tilskot gjennom SMIL-ordninga. Men det er viktig å legge seg på hjarta at auka tilgang til naturen også gjev potensiale for auka konfliktnivå mellom ulike interesser.

Turstig og løypenettet i Gol er enormt. Dette påverkar også beitedyra. Konflikter mellom beitedyr, turgåarar, grunder som ikkje vert lukka o.l. er velkjende problemstillingar.

Ei grind er ein del av gjerde. Er årsaka til at dyr kjem inn på dyrka mark eller bustadområde fordi nokon har gløymt å lukke grinda, vil ikkje dyreeigar være erstatningspliktig. Dette følgjer av § 7 i beitelova. Eit krav om erstatning må derfor rettast til vedkommande som har gløymt å lukke grinda.

Alle merka turstigar og vegar som kryssar beiteområde, bør utstyrast med gjerdeklyvarar eller liknande. Gjerdeklyvaren kan redusere problemstillingane med grunder som ikkje vert lukka. Ein gjerdeklyvar kan vere som ei gardintrapp, med trinn på begge sider, denne brukast til å komme over gjerder utan at det må lages til ei grind eller port. Figur 13 her gjev eit overblikk på kva dette er.



Figur 13: Eksempel på gjerdeklyvar

Kunsten å passere skigardar:



Martin Lundemo frå Meråker var ekspert i å passere skigardar. Her i et renn i Kopperå rundt 1935. Han var far til Magnar Lundemo og bestefar til Hallgeir Martin Lundemo.

Skigardspassing var ein eigen kunst i skigåing. Løparane trena på det og dei gode tente fleire minutt i renn på gode passeringar. På ei tremil i Brumunddal i 1922 var det 17 skigardar. Løparane utanfrå bygda meinte at brumunddølane hadde fordel av å ha trena på å passere skigardane.

Nei, sa brumunddølane - 17 skigardar var ikkje mykje, det måtte ein tåle. Alle skiløparar som konkurrerte måtte hoppe over skigardar i store og små renn.

Kjelde:

<http://www.nrk.no/sport/meisterskap/ski-vm-2011/nyheter/1.7520557>

Tiltak

Tiltak: Friluftslivinteresser

- ✓ Turstigar som kryssar inngjerda beiteområde bør utstyrast med gjerdeklyvar.
- ✓ Etablere enkel og lett tilgjengeleg info om reglar for bandtvang og innmelding av ”bekymringsmeldingar”.

Tiltaksdel

Tiltaksdelen er utarbeida med utgangspunkt i dei problemstillingar som er utgreia framføre. Nokon av tiltaka dekkjer fleire problemstillingar, mens andre er direkte knytt til eitt konkret problemområde.

Tiltak: Beitebruk i Gol

- Gjere Beitebruksplanen saman med handlingsplanen for landbruket i Gol godt kjent for landbruksnæringa, men og for innbyggjarane, grunneigarane, politikarane, forvaltning, faglag, hytteeigarar ev. andre. Faglag og forvaltning bør delta på møter o.l. og informere og vise fram ”verktøyet” og nytten av dette.
 - o **Ansvarleg:** Kommune, forvaltning, Bondelaget, Bonde- og småbrukarlaget, sankelaga.
- Vegetasjonskartlegge dei beiteområda (sjå kartvedlegg over beiteområder i Gol som nyttast pr. 2013) som ikkje er vegetasjonskartlagt. Dei mest brukte beiteareala og areal som ein trur er god beitemark bør prioriterast fyrst.
 - o **Ansvarleg:** Grunneigar, kommune, beiterettshavar.
- Bruke vegetasjonskartlegginga for Golsfjellet og landskapsanalysen som allereie finst, aktivt i forvaltninga.
 - o **Ansvarleg:** Administrasjon, forvaltning, politikarar og faglag.
- Stimulere til bortleige av beiter som ikkje er i bruk.
 - o **Ansvarleg:** Forvaltning, grunneigarlag.
- Få lokale beitedyr som beitar utanfor kommunen i beiteperioden attende til Gol. Dette vil stimulere til meir bruk av beite i Gol.
 - o **Ansvarleg:** Sankelag, grunneigarlaget.
- Stimulere og prioritere tiltak som opnar beitelandskapet, og gjer det meir tilgjengeleg for beitedyr bl.a. gjennom SMIL-midlar, og regionale miljøprogram.
 - o **Ansvarleg:** Forvaltning
- Leggje til rette og løyse beitekonfliktar gjennom oppføring av sperregjerder.
 - o **Ansvarleg:** Sankelag, grunneigarar, Golsfjellet utmarkslag.
- Leggje til rette for ”vaktarfe”.
 - o **Ansvarleg:** sankelag, grunneigarar, kommune.
- Publisere populærvitskaplege artiklar om beite og beitebruk i relevante media for turistar og fastbuande i Gol/Golsfjellet.
 - o **Ansvarleg:** Faglaga

Tiltak: Beitedyr og gjerding

- Innarbeide i reguleringsplanane for hytteområda at det er lov å sette opp permanent gjerde inntil 1000 m² rundt hytta, inklusiv bebyggd areal (alternativt fellesgjerdet for feltet). Tomtegrenser må uansett ikkje overskridast. Det er hytteeigaren som er ansvarleg for å dekkje alle kostnader med oppsett, vedlikehald og tilsyn med gjerdet. Inngjerda område skal vere samanhengande. Plassering, utforming og farge på gjerde

skal visast på teikningar. Situasjonsplan skal leggjast ved byggjesøknaden. Oppsett av gjerde skal byggjemeldast. Det er strenge krav til oppsett og utforming i høve til Lov om grannegjerde. Grannegjerde skal vera såleis laga og vedlikehalde at det ikkje er farleg for folk eller husdyr. Det må ikkje gjerast såleis at det løyner bort eller skader noko delemerke. Gjerdeskipnad i strid med grannegjerdelova kan ikkje avtalast. Når grannegjerda ikkje vert halde oppe lenger, skal grannane taka bort gjerde eller gjerderestar som kan vera farlege for folk eller husdyr. Kommunen og/eller stølslag er godkjenningssmyndigheit.

- **Ansvarleg:** Utbyggjarane.
- Informere om at midlertidige gjerder skal ha hyppig tilsyn.
 - **Ansvarleg:** Utbyggjar, Mattilsynet, forhandlar av gjerde, forvaltning, utbyggjar, stølsлага og velforeiningar, faglag, grunneigarlag, Golsfjellet utmarkslag.
- Utarbeide heilskaplege felles gjerderettleiar med retningslinjer og vedtekter samt anbefalt oppsett og vedlikehald av gjerdet for fritidseigedommar, hus og hytter, både for nye og eldre bygg. Rettleiaren kan distribuerast som "teezer" eller liknande. I aktuelle blad, og andre distribusjonskanalar.
 - **Ansvarleg:** Golsfjellet utmarkslag, sankelaga, faglag, grunneigarar, forvaltning/kommune.
- Innarbeide i planverket ved utbyggingssaker, tiltak for å redusere konflikter mellom hytter og beitedyr.
 - **Ansvarleg:** Kommunen og utbyggjar.
- Møte ein gong tredje kvart år for å finne dei beste salteplassane for kvart område. Både vilt og tamme dyr.
 - **Ansvarleg:** Stølslag, grunneigarar, beitebrukarar og jaktinteresser.
- Utarbeide plan og setje opp naudsynte sperregjerder for å halde beitedyra i ønska beiteområde.
 - **Ansvarleg:** Stølslag, sankelag, grunneigarlag, turistbedrifter og Golsfjellet utmarkslag.
- Som ein del av grunnlagsinvesteringane i hyttefelt gjennomføre gjerdeoppsett og kultivere beite for å gjera andre områder enn bebygde strom meir attraktive for det beitande fe.
 - **Ansvarleg:** Utbyggjarane samt forvaltninga.
- På felles inngjerda hyttefelt, i samarbeid med t.d. velforeining; innarbeide årlege vedlikehaldsbudsjett og vedlikehaldsrutinar for felles gjerder på lik linje med t.d. vegvedlikehald, brøyting, avfall og kloakk, i både nye og gamle hytteområder.
 - **Ansvarleg:** Utbyggjar, hyttelevel, grunneigarar.
- Stimulere til inngjerding og rydding av gamal beitemark.
 - **Ansvarleg:** Forvaltning
- Stimulere til meir organisert beitebruk gjennom beitelag for betre beiteutnytting og mindre smittepress.
 - **Ansvarleg:** Beitebrukarar, sankelag, faglag.

- Opprette kontaktpunkt mellom sankebas og jaktleiar i samband med haustsank av dyr i utmark
 - o **Ansvarleg:** Lokalt jaktlag og sankelag

Tiltak: Rovvilt

- Organisere effektivt uttak på dei rovdyr (bjørn, jerv, ulv) som ikkje skal vere i Gol.
 - o **Ansvarleg:** Jaktlag, forvaltning,
- Oppretthalde Hallingdal Rovviltjaktlag med økonomiske verkemiddel.
 - o **Ansvarleg:** Forvaltning, sankelag.
- Auke kvotene på gaupe slik at bestanden kjem ned på fastsett mål iht. rovviltforliket.
 - o **Ansvarleg:** Berørte partar må gje innspel til forvaltninga.
- Tilsynet som vert gjort i regi av sankelaga i dag er godt organisert, og Arbeidsgruppa anbefaler at dagens tilsynsordningar fortsett.
 - o **Ansvarleg:** Sankelaget.
- Prioriterer radiobjøller til beiteområde med størst tap (sjå vedlegg 1 Tap statistikk for dei ulike sankelag i Gol 2000-2011).
 - o **Ansvarleg:** Forvaltning og sankelag.
- Påverke til forsvarleg forvaltning av rovdyrstamma i kommunen.
 - o **Ansvarleg:** Faglag, grunneigarlag.
- Prioritere og oppretthalde aktive jaktlag som oppfyller forvaltningsplan.
 - o **Ansvarleg:** Forvaltning, grunneigarlaget,
- Regionalt samarbeid om jakt og felling av skadedyr.
 - o **Ansvarleg:** Hallingdal Rovviltjaktlag, forvaltning.
- Rovviltutvalet bør utarbeide beredskapsplan, og vaktordning for jegerar samt skoloring av dyreeigarar og jegerar om rovvilt, åtferd, bevegelsesmønster m.m.
 - o **Ansvarleg:** Rovviltutvalet, Hallingdal Rovviltjaktlag, Grunneigarlaget.

Tiltak: Mot attgroing og tap av biologisk mangfald

- Auke talet på beitedyr ved å konsekvensutgreie moglegheiter for ”vaktarfe” eller fellesbeiter på linje med ”Fødal og Iungsdalsdrifta” eller likande der grunneigarar ønskjer dette.
 - o **Ansvarleg:** Grunneigarlaget, forvaltninga, sankelag, Golsfjellet utmarkslag og faglaga.
- Utnytting av beiteområda omfattar også vedhogst. Gjennom å auke hogst i støls- og utmarksområda kan ein bidra til å redusere attgroingstakta.
 - o **Ansvarleg:** Grunneigar, skogeigarlaget, grunneigarlaget, forvaltninga, Golsfjellet utmarkslag.

- Informere om verdien og motivere hytte- og stølseigarane til å nytte lokalproduisert ved frå fjellområda.
 - **Ansvarleg:** Golsfjellet utmarkslag, turistnæringa.
- Leggja til rette for å løyse beitekonfliktar eksempelvis sperregjerder (sjå beitebrukskart vedlegg 3)
 - **Ansvarleg:** Sankelag, grunneigar, Golsfjellet utmarkslag, kommunen.
- Motivere og leggje til rette for lokale husdyreigarar som nyttar beiter utanom Gol til å ta beitedyra attende til Gol.
 - **Ansvarleg:** Grunneigarlaget, sankelaget, fagлага, forvaltning.
- Bruke eksisterande inngjerda beiter også på ”heime”-områder.
 - **Ansvarleg:** Faglag og lokal forvaltning.
- Motivere sankelaga, grunneigarar og stølslag for tidlegare slepptidspunkt enn tradisjonell skikk og sedvane for området.
 - **Ansvarleg:** Rådgeving, forvaltning, faglag, grunneigarlag og stølslag.
- Føretak som slepp dyr i utmark bør informere naboar og grunneigarar om slepptidspunkt minst to veker før slepp for å redusere ev. konfliktar.
 - **Ansvarleg:** Stølslag, sankelag og beitebrukar.
- Sleppe ut dyr på fjellbeitet tidlegare på sommaren uavhengig av tidlegare tiders skikk og sedvane (1.-10. juni). Dyr som ikkje produserer (hest, ammeku utan kalv, sinku og søyer) kan gjerne gå i utmark fram til jaktseasonen startar.
 - **Ansvarleg:** Grunneigarlag, jaktlag, sankelaga og fagлага.
- Auke bruken av biobrensel
 - Hallingdal skogeigarlag, Golsfjellet utmarkslag, grunneigarlaget.

Tiltak: andre næringsinteresser

- Utarbeide gjerderettleiar og distribuere denne til tomteeigarar, hus, hytter og stølseigedommar, turistbedrifter, turistar, grunneigarar o.l. i Gol.
 - **Ansvarleg:** Kommunen, Mattilsynet, Golsfjellet utmarkslag, faglag.
- Rydde opp og rive ned gjerder som er til fare for dyr på utmark og innmark. Finansiering gjennom SMIL-midlar og fellestiltak bør prioriterast.
 - **Ansvarleg:** Kommunen, Mattilsynet, grunneigar, hytte og stølslag.

Tiltak: Friluftinteresser

- Turstigar som kryssar beiteområde bør utstyrast med gjerdeklyvar.
 - **Ansvarleg:** Velforeiningar, stølslag, grunneigar og turistbedriftene.
- Sette opp infotavler med reglar for bandtvang i stiggkryss og på parkeringsplassar samt etablere kontakttelefon for spørsmål om temaet.
 - **Ansvarleg:** Mattilsynet og sankelaga.

Litteraturliste

- Oppdal kommune, 2001: *Beitebruksplan for Oppdal*
- Erling Skurdal, 1997: *Beiting i utmark*
- NIJOS, 2002: *Vegetasjon og beite på Venabygdsfjellet*
- NIJOS, 2001: *Vegetasjon og beite på Kvitfjell planområde*
- Landbruksdepartementet, 1998: *Landbruksplan. Veileder for arbeid med tiltaksrettede oversiktsplaner*
- Miljøverndepartementet, 2002: *Rapport: Framtidsretta sauehold i områder med rovvilt.*
- Miljøverndepartementets hjemmeside, 2003: *Miljøstatus i Oppland.*
- Norsk Institutt for Naturforskning, 2003: *NINA Fagrappport 71, Beiting, biologisk mangfold og rovviltforvaltning*
- Bioforsk Rapport Vol. 2 Nr. 165, 2007, *Tapsårsaker hos lam i Ørpen-Redalen beiteområde, Krødsherad 2007*, Inger Hansen, Bioforsk Nord Tjøtta.
- NORSK FOLKEMINNELAG** ”Skikkar og truer på stølen”, **MANNS MINNE, GAMAL VALDRES-KULTUR III, Av: Knut Hermundstad, OSLO 1944**
- <http://www.nrk.no/sport/meisterskap/ski-vm-2011/nyheter/1.7520557>
- <http://folk.uio.no/atlemy/sauindeks.htm>
- <http://scandlynx.nina.no/Startside.aspx>
- <http://scandlynx.nina.no/Aktuelt/Artikkel/tabid/1973/ArticleId/1645/Delprosjektet-Gaup-Ostafjells-avsluttes.aspx>

Vedlegg – Kart og statistikk

- Vedlegg 1: Tapstatistikk for dei ulike sankelag i Gol 2000-2011
- Vedlegg 2: Vedtekter for gjerdehald i ulike hyttefelt i Gol kommune
- Vedlegg 3: Kart Reguleringsplan, kommuneplan, beiteområder og svært gode beiter, Gol
- Oversiktskart Gol
 - Golsfjellet vest
 - Golsfjellet aust
 - Skaraåsen
 - Søråsen
- Vedlegg 4: Kart over lausmassar og beitebruk
- Oversiktskart over Gol
 - Golsfjellet aust
 - Golsfjellet vest
 - Skaraåsen
 - Søråsen
- Vedlegg 5: Berggrunnskart og beitebruk
- Oversiktskart over Gol
 - Golsfjellet aust
 - Golsfjellet vest
 - Skaraåsen
 - Søråsen
- Vedlegg 6: Temakart beite på Golsfjellet
- Beitebruk og vegetasjon **svært godt eigna** for sau og storfe
 - Vegetasjonskart Golsfjellet
 - Beite til Storfe Golsfjellet
 - Beite til småfe Golsfjellet

- Vedlegg 1 Tapsstatistikk for dei ulike beiteområda i Gol Beitelag 2000-2013

Tapsstatistikk på beite for dei ulike beiteområda 2000-2013								
Beiteområde 1	År	Tal bruk	Sau sleppt	Sau tapt	Taps % sau	Lam sleppt	Lam tapt	Taps % lam
LAUVSET/AUENHAUGLIA	2000	12	390	11	2,8 %	646	15	2,3 %
	2001	13	416	4	1,0 %	654	26	4,0 %
	2002	11	344	8	2,3 %	605	19	3,1 %
	2003	9	336	6	1,8 %	554	11	2,0 %
	2004	9	446	8	1,8 %	719	14	1,9 %
	2005	8	408	10	2,5 %	753	15	2,0 %
	2006	8	451	14	3,1 %	920	136	14,8 %
	2007	7	414	8	1,9 %	862	43	5,0 %
	2008	7	430	8	1,9 %	815	24	2,9 %
	2009	7	425	9	2,1 %	866	16	1,8 %
	2010	7	425	10	2,4 %	858	22	2,6 %
	2011	7	446	10	2,2 %	912	35	3,8 %
	2012	7	429	5	1,2 %	817	24	2,9 %
	2013	6	420	19	4,5 %	860	32	3,7 %
Sum			5 780	130	2,2 %	10 841	432	4,0 %
Gj.snitt		8,4	412,9	9,3	2,2 %	774,4	30,9	4,0 %

Beiteområde 2	År	Tal bruk	Sau sleppt	Sau tapt	Taps % sau	Lam sleppt	Lam tapt	Taps % lam
HOVDA	2000	6	346	4	1,2 %	568	12	2,1 %
	2001	8	438	8	1,8 %	714	18	2,5 %
	2002	8	435	16	3,7 %	782	21	2,7 %
	2003	9	437	15	3,4 %	743	12	1,6 %
	2004	7	434	14	3,2 %	789	15	1,9 %
	2005	7	440	10	2,3 %	779	10	1,3 %
	2006	6	394	5	1,3 %	749	18	2,4 %
	2007	6	371	10	2,7 %	658	17	2,6 %
	2008	6	358	6	1,7 %	640	12	1,9 %
	2009	6	359	6	1,7 %	682	20	2,9 %
	2010	6	360	7	1,9 %	596	20	3,4 %
	2011	5	297	4	1,3 %	564	15	2,7 %
	2012	5	290	4	1,4 %	555	8	1,4 %
	2013	5	288	5	1,7 %	538	16	3,0 %
Sum			5 247	114	2,2 %	9 357	214	2,3 %
Gj.snitt		6,4	374,8	8,1	2,2 %	668,4	15,3	2,3 %

Beiteområde 3	År	Tal bruk	Sau sleppt	Sau tapt	Taps % sau	Lam sleppt	Lam tapt	Taps % lam
GRØNLI	2000	3	192	2	1,0 %	357	17	4,8 %
	2001	3	158	5	3,2 %	266	12	4,5 %
	2002	3	154	1	0,6 %	307	23	7,5 %
	2003	3	127	4	3,1 %	225	14	6,2 %
	2004	3	119	3	2,5 %	214	4	1,9 %
	2005	3	144	2	1,4 %	262	8	3,1 %
	2006	3	135	4	3,0 %	295	19	6,4 %
	2007	2	100	3	3,0 %	232	24	10,3 %
	2008	2	102	4	3,9 %	228	12	5,3 %
	2009	2	112	4	3,6 %	216	15	6,9 %
	2010	2	155	10	6,5 %	304	46	15,1 %
	2011	2	171	5	2,9 %	310	27	8,7 %
	2012	2	180	4	2,2 %	335	28	8,4 %
	2013	2	209	6	2,9 %	391	42	10,7 %
Sum			2 058	57	2,8 %	3 942	291	7,4 %
Gj. snitt		2,5	147	4,1	2,8 %	281,6	20,8	7,4 %

Beiteområde 4	År	Tal bruk	Sau sleppt	Sau tapt	Taps % sau	Lam sleppt	Lam tapt	Taps % lam
SKARAÅSEN	2000	5	174	6	3,4 %	232	21	9,1 %
	2001	4	178	4	2,2 %	209	15	7,2 %
	2002	3	106	2	1,9 %	193	32	16,6 %
	2003	3	103	1	1,0 %	180	13	7,2 %
	2004	4	128	4	3,1 %	227	11	4,8 %
	2005	3	114	6	5,3 %	206	23	11,2 %
	2006	3	106	2	1,9 %	187	20	10,7 %
	2007	2	106	6	5,7 %	158	33	20,9 %
	2008	1	42	2	4,8 %	84	11	13,1 %
	2009	1	39	5	12,8 %	66	9	13,6 %
	2010	1	46	1	2,2 %	57	26	45,6 %
	2011	1	48	2	4,2 %	68	9	13,2 %
	2012	1	51	4	7,8 %	80	20	25,0 %
	2013*	1	-	-	-	-	-	-
Sum			1 241	45	3,6 %	1 947	243	12,5 %
Gj. snitt		2,4	88,6	3,2	3,6 %	139,1	17,4	12,5 %

*Opplysninger mangler

Beiteområde 5	År	Tal bruk	Sau sleppt	Sau tapt	Taps % sau	Lam sleppt	Lam tapt	Taps % lam
GURISSET, REKKJESET, SKUTUSET	2000	5	288	6	2,1 %	500	22	4,4 %
	2001	5	277	6	2,2 %	469	23	4,9 %
	2002	5	288	12	4,2 %	510	19	3,7 %
	2003	4	269	9	3,3 %	465	23	4,9 %
	2004	4	270	7	2,6 %	547	21	3,8 %
	2005	4	302	4	1,3 %	556	7	1,3 %
	2006	3	250	1	0,4 %	477	13	2,7 %
	2007	4	257	5	1,9 %	509	23	4,5 %
	2008	3	248	3	1,2 %	453	10	2,2 %
	2009	3	257	10	3,9 %	495	24	4,8 %
	2010	3	224	7	3,1 %	470	10	2,1 %
	2011	3	224	8	3,6 %	408	24	5,9 %
	2012	3	218	2	0,9 %	266	7	2,6 %
	2013	3	237	3	1,3 %	365	13	3,6 %
Sum			3 609	83	2,3 %	6 490	239	3,7 %
Gj. snitt		3,7	257,8	5,9	2,3 %	463,6	17,1	3,7 %

Beiteområde 6	År	Tal bruk	Sau sleppt	Sau tapt	Taps % sau	Lam sleppt	Lam tapt	Taps % lam
SØRÅSEN	2000	12	365	10	2,7 %	654	34	5,2 %
	2001	13	387	11	2,8 %	658	22	3,3 %
	2002	11	381	13	3,4 %	678	31	4,6 %
	2003	9	281	11	3,9 %	541	16	3,0 %
	2004	8	236	2	0,8 %	461	11	2,4 %
	2005	7	213	7	3,3 %	408	11	2,7 %
	2006	7	263	5	1,9 %	484	27	5,6 %
	2007	7	269	11	4,1 %	520	21	4,0 %
	2008	7	258	4	1,6 %	496	16	3,2 %
	2009	7	255	9	3,5 %	508	33	6,5 %
	2010	6	267	9	3,4 %	486	28	5,8 %
	2011	4	255	12	4,7 %	433	52	12,0 %
	2012	4	249	10	4,0 %	489	56	11,5 %
	2013	4	262	8	3,1 %	522	43	8,2 %
Sum			3 941	122	3,1 %	7 338	401	5,5 %
Gj. snitt		7,6	281,5	8,7	3,1 %	524,1	28,6	5,5 %

Beiteområde 7	År	Tal bruk	Sau sleppt	Sau tapt	Taps % sau	Lam sleppt	Lam tapt	Taps % lam
HOLTELIA, FRØYSOKSTØLANE, HOFTUN	2000	6	162	3	1,9 %	295	20	6,8 %
	2001	5	150	8	5,3 %	273	15	5,5 %
	2002	5	199	9	4,5 %	301	20	6,6 %
	2003	5	239	7	2,9 %	381	42	11,0 %
	2004	4	212	4	1,9 %	504	12	2,4 %
	2005	3	128	5	3,9 %	256	22	8,6 %
	2006	3	106	6	5,7 %	220	9	4,1 %
	2007	3	98	2	2,0 %	207	18	8,7 %
	2008	3	109	1	0,9 %	214	8	3,7 %
	2009	3	110	1	0,9 %	201	7	3,5 %
	2010	3	92	0	0,0 %	190	9	4,7 %
	2011	2	60	6	10,0 %	104	10	9,6 %
	2012	2	50	1	2,0 %	87	7	8,0 %
	2013	2	49	3	6,1 %	84	2	2,4 %
Sum			1 764	56	3,2 %	3 317	201	6,1 %
Gj. snitt		3,5	126	4	3,2 %	236,9	14,4	6,1 %

Beiteområde 8	År	Tal bruk	Sau sleppt	Sau tapt	Taps % sau	Lam sleppt	Lam tapt	Taps % lam
MØEN, BRENN, SVILESTØLANE	2000	2	138	1	0,7 %	245	10	4,1 %
	2001	2	126	4	3,2 %	225	3	1,3 %
	2002	2	127	4	3,1 %	243	9	3,7 %
	2003	2	138	5	3,6 %	267	16	6,0 %
	2004	2	133	4	3,0 %	234	7	3,0 %
	2005	2	136	3	2,2 %	232	6	2,6 %
	2006	2	138	8	5,8 %	270	9	3,3 %
	2007	2	137	9	6,6 %	248	12	4,8 %
	2008	2	127	2	1,6 %	230	11	4,8 %
	2009	2	130	6	4,6 %	252	10	4,0 %
	2010	1	50	0	0,0 %	80	0	0,0 %
	2011	1	49	1	2,0 %	69	2	2,9 %
	2012	1	42	1	2,4 %	66	1	1,5 %
	2013	1	40	0	0,0 %	68	3	4,4 %
Sum			1 511	48	3,2 %	2 729	99	3,6 %
Gj. snitt		1,7	107,9	3,4	3,2 %	194,9	7,1	3,6 %

- Kjelde: Beitelaget i Gol

Vedlegg 2: Gjerding i ulike nyare reguleringsplanar

Her er ei oppstilling over kva reglar som gjeld for gjerding i ulike nyare reguleringsplanar. Det er mange eldre planer som ikkje er med i lista. Iflg. Hanne Cecilie Nes på utbyggingsavdelinga hjå Gol kommune er det då ingen spesielle reglar om gjerding i desse planane. Det gjeld for Skaraåsen: Habbeset, Sjauset, Nystølen, Narveset og Smylistølane/Snuforinkje. På Golsfjellet er det planane for: Brautemo, Einarset-Nerebekken, Guriset Sameige – hyttefelt, Hjartingstølane, Lauvset, Lauvsjø, Møne, Rekkjeset, Storla-Vermelia og Tretteskogane.

Gjerde

Auenhauglia	GJERDE Det skal ikke settes opp gjerde rundt den enkelte fritidseiendom. Det kan gjerdes inntil 500 m ² av tomten inklusiv bebyggelsen under forutsetning at det blir brukt gjerdetype godkjent av stølslaget. Slikt gjerde skal vedlikeholdes av eier. Mangelfullt vedlikeholdt gjerde kan kreves fjernet av stølslaget.
Brøtofeltet område F14	§4.5 Gjerder, flaggstenger, portaler, lysmaster, parabolantenn Det tillates ikke å sette opp gjerder, flaggstenger, lysmaster eller portaler innenfor byggeområdet. Parabolantenn skal ikke plasseres over mønehøyde.
Bualie- Ørterstølen sportell	GJERDE Det skal ikke settes opp gjerde rundt den enkelte fritidsbolig. Det kan i spesielle tilfeller gjerdes inn inntil 200 m ² av tomten under forutsetning at det blir brukt sauesikkert gjerde. Slikt gjerde skal byggemeldes.
Gorolie	GJÆRDE Gjerder kan plasserast i eigedomsgrenser. Gjerdene skal ha ein utforming, høgde, farge og materialbruk som vert tilpassa dei andre byggverka, og vera i samsvar med utandørsplanen.
Grøset område F15	§4.5 Gjerder, flaggstenger, portaler, lysmaster, parabolantenn Det tillates ikke å sette opp gjerder, flaggstenger, lysmaster eller portaler innenfor byggeområdet. Parabolantenn skal ikke plasseres over mønehøyde.
Kampen område F6	§4.5 Gjerder, flaggstenger, portaler, lysmaster, parabolantenn Det tillates ikke å sette opp parabolantenn, flaggstenger, lysmaster eller portaler innenfor byggeområdet. Det tillates inngjerding av inntil 400 m ² av tomta inkl. bygningsmassen.
Kamben område F6 Øvre del	§4.5 Gjerder, flaggstenger, portaler, lysmaster, parabolantenn Det tillates ikke å sette opp flaggstenger, lysmaster eller portaler innenfor byggeområdet. Parabolantenn skal ikke føres opp over mønehøyde. Det tillates ikke gjerder på enkelttomter, men det kan tillates felles inngjerding av større hyttefelt.

Skutuset	<p>2.5 GJERDE</p> <p>Det skal ikke settes opp gjerde rundt den enkelte fritidseiendom. Det kan gjerdes inntil 200 m² av tomten under forutsetning at det blir brukt sauesikkert gjerde. Slikt gjerde skal vedlikeholdes av eier. Mangelfullt vedlikeholdt gjerde kan kreves fjernet av stølslaget.</p>
Tunnetjern	<p>2.5 GJERDE</p> <p>Det kan settes opp gjerde på den enkelte fritidseiendom. Inngjerdet området skal vere sammenhengende, og kan maksimalt dekke et areal på 500 m² pr. eiendom. Plassering, utforming og farge på gjerde skal vises på tegninger og situasjonsplan, og vedlegges byggesøknaden. Gjerdet skal være sauesikkert og utført i trematerialer. Gjerde skal vedlikeholdes av eier. Mangelfullt vedlikeholdt gjerde kan kreves utbedret eller fjernet.</p>